


IDRETTSKRETSTING

VESTLAND IDRETTSKRETS

Bergen 13. april 2024

SAKSDOKUMENT

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



PROGRAM

Laurdag 13. april 2024, Scandic Hotel Ørnen, Bergen

- | | |
|-------------------|-------------------------|
| kl. 09.30 – 10.00 | Registrering |
| kl. 10.00 – 11.30 | Anleggspolitisk seminar |
| kl. 11.30 – 12.30 | Lunsj |
| kl. 12.30 – 13.00 | Registrering |
| kl. 13.00 – 18.00 | Tingforhandlingar |

INNHALD

Opning

Helsingstalar

Sak 1: Godkjenne dei frammøtte representantane	4
Sak 2: Velje dirigent(ar)	4
Sak 3: Velje sekretær(ar)	4
Sak 4: Velje to representantar til å underskrive protokollen	4
Sak 5: Godkjenne innkallinga	4
Sak 6: Godkjenne saklista	4
Sak 7: Godkjenne forretningsorden	5
Sak 8: Behandle idrettskretsen si årsmelding	6
Sak 9: Behandle idrettskretsen sin rekneskap i revidert stand, styret sin økonomiske rapport, revisor sin rapport og kontrollutvalet sin rapport	51
Sak 10: Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen	90
Sak 11: Behandle forslag og saker	104
Sak 12: Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap	107
Sak 13: Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlane som er til disposisjon for kretsen	107
Sak 14: Gjere følgande val:	109
a) Styreleiar og nestleiar	
b) 4 styremedlemmar og 2 varamedlemmar. Minst eitt styremedlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det året valet vert halde	
c) Kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar	
d) Representantar til Idrettstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantar	
e) Valkomité med leiar og 2 medlemmar og eitt varamedlem for neste idrettskrets ting. Minst eitt medlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det året valet vert halde	

SAKSBEHANDLING

OPNING

Helsingstalar

1. GODKJENNE DEI FRAMMØTTE REPRESENTANTANE

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget godkjenner dei frammøtte representantane.

2. VELJE DIRIGENT(AR)

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget vel Håkon Matre som dirigent.

3. VELJE SEKRETÆR(AR)

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget vel Heidi Hatlen og Erling Benjaminsen frå administrasjonen som sekretærer.

4. VELJE TO REPRESENTANTAR TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

Kretsstyret sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.

5. GODKJENNINE INNKALLINGA

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget godkjenner innkallinga.

6. GODKJENNE SAKLISTA

Sa 1: Godkjenne dei frammøtte representantane.

Sak 2. Velje dirigent(ar).

Sak 3. Velje sekretær(ar).

Sak 4. Velje to representantar til å underskrive protokollen.

Sak 5. Godkjenne innkallinga.

Sak 6. Godkjenne saklista.

Sak 7. Godkjenne forretningsorden.

Sak 8. Behandle idrettskretsen si årsmelding.

Sak 9. Behandle idrettskretsen sin rekneskap i revidert stand, styret sin økonomiske rapport, revisor sin rapport og kontrollutvalet sin rapport.

Sak 10. Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen.

Sak 11. Behandle forslag og saker.

Sak 12. Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap. Sak

13. Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlane som er til disposisjon for kretsen. Sak

14: Gjere følgende val

a) Styreleiar og nestleiar

b) 4 styremedlemmar og 2 varamedlemmar. Minst eitt styremedlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det året valet vert halde.

c) Kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar.

d) Representantar til Idrettstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantar.

e) Valkomité med leiar og 2 medlemmar og eitt varamedlem for neste idrettskrets ting. Minst eitt medlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det år valet vert halde.

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget godkjenner framlagt sakliste.

7. GODKJENNE FORRETNINGSORDEN

Kretsstyret sitt forslag:

- 7.1 Tinget vert leia av den valde dirigenten /dei valde dirigentane. Protokollen vert ført av dei valde sekretærane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
- 7.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.
- 7.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.
- 7.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
- 7.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget godkjenner forslag til forretningsorden.

8. BEHANDLE IDRETTSKRETSEN SI ÅRSMELDING

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget godkjenner framlagte årsmelding for Vestland idrettskrets for 2022 og 2023.



RAPPORT 2022-2023

Strategiske innsatsområde

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



INNHALD

<u>NØKKELTAL</u>	9
<u>STATISTIKK</u>	10
<u>TILBAKEBLIKK</u>	14
SATSINGSOMRÅDA	
<u>LIVSLANG IDRETT</u>	21
<u>BETRE IDRETTSLAG</u>	30
<u>FLEIRE OG BETRE IDRETTSANLEGG</u>	37

Nøkkeltal

2 Idrettens Hus



12 årsverk



1 styre

FØRDE

BERGEN

ORGANISASJONEN



53 særiddrettar



43 idrettsråd



928 idrettslag



212 332 medlemskap



169 kurs og kompetansetiltak (2022)

177 kurs og kompetansetiltak (2023)

STATISTIKK

Vestland idrettskrets (VIK) er paraplyorganisasjon for i overkant av 900 idrettslag fordelt på 43 idrettsråd i Vestland. VIK er den tredje største idrettskretsen i landet bak Viken IK og Oslo IK med tanke på talet på medlemmar, og berre Viken IK har fleire idrettslag enn Vestland IK.



Tala i tabellane og diagramma under er henta frå samordna rapportering og gir eit innblikk i omfang og aktivitet i fylket.

År	Talet på IL	Kvinner					Menn					Sum		
		0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	K	M	Totalt
2018	994	3 991	30 344	19 010	9 527	32 823	3 727	32 156	22 778	13 151	57 622	95 695	129 434	225 129
2019	998	3 913	30 234	18 762	9 221	32 489	3 768	32 272	22 330	13 284	57 777	94 619	129 431	224 050
2020	989	3 161	27 442	16 841	8 800	29 161	3 192	29 554	19 782	12 501	50 462	85 405	115 491	200 896
2021	953	3 570	26 764	16 495	9 934	30 284	3 735	29 923	19 754	13 116	53 630	87 047	120 158	207 205
2022	928	3 999	28 464	17 205	9 231	30 262	3 974	31 074	20 619	13 232	54 272	89 161	123 171	212 332

Fig 1 Tabellen viser utviklinga i medlemskap i ulike aldersgrupper og talet på idrettslag i Vestland idrettskrets i åra 2018-2022.

År	Kvinner					Menn					Sum		
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	K	M	Totalt
2018	3232	30814	17938	7269	22631	2892	31769	20372	10857	42561	81884	108451	190335
2019	2952	30360	18414	7746	22699	2682	32177	20632	11362	42988	82171	109841	192012
2020	2422	28726	17219	7580	21813	2482	30231	19598	11765	41546	77760	105622	183382
2021	2747	27673	16624	9327	21697	2794	29536	18906	13239	41183	78068	105658	183726
2022	2943	29721	17614	8492	21487	2807	31472	19953	13062	42594	80257	109888	190145

Fig 2 Tabellen viser utviklinga i aktivitetstal i ulike aldersgrupper i Vestland idrettskrets i åra 2018-2022.




Fig 3 Diagrammet viser ei oversikt over dei ti største idrettslaga i fylket målt i medlemskap pr. 2022



Fig 4 Fotball er den største idretten i fylket målt i aktivitetstal (52 755 i 2022). Diagrammet viser dei ti neste idrettane med oppgitt aktivitetstal 2022.




Fig 5 Diagrammet viser utviklinga i %-andelen kvinner og menn med medlemskap i idrettslag i Vestland idrettskrets frå 2018 til 2022.

Aldersfordeling leiarar i idrettslag

Andel kvinnelege styreleiarar




Fig 6 Figuren viser utvikling av aldersfordelinga blant leiarar i idrettslag i Vestland idrettskrets




Fig 7 Figuren viser andel kvinnelege styreleiarar i idrettslag i Vestland idrettskrets.

Allidrett




Fig 8 Diagrammet viser talet på aktive i ulike aldersgrupper i allidrettsgrupper i idrettslag i Vestland idrettskrets i åra 2018 til 2022.

Aktivitetstal paraiddrett




Fig 9 Diagrammet viser talet på registrerte parautøvarar i dei ulike aldersgruppene i idrettslaga i Vestland idrettskrets i åra 2018 til 2022.

TILBAKEBLIKK

Etter ein periode med redusert eller bortfall av aktivitetstilbod på grunn av koronapandemien, var 2022 og 2023 prega av at idrettslaga har arbeidd med å få auka aktivitetstilbodet og talet på aktive og frivillige. Idretten i Vestland mista 10% av medlemmane gjennom pandemien, men auka medlemstalet med 5% ved utgangen av 2022.

Rammevilkår

Arbeid for å betre rammevilkåra for idretten i fylket har vore eit overordna mål for styret. Mange idrettslag har opplevd utfordringar med auka straumutgifter og generelt høgare kostnadsnivå i samfunnet i denne perioden. I det idrettspolitiske arbeidet frå idrettskretsen si side fekk desse utfordringane høg prioritet. Det har vore eit mål å arbeide for at økonomiske barrierar ikkje skal vere eit hinder for deltaking i idrettslaga. I dette arbeidet er kommunane sitt bidrag i form av gratis bruk av anlegg viktig. Arbeidet for å redusere etterslepet på utbetaling av spelemidlar til anleggsutvikling har vore eit anna prioritert innsatsområde for idrettskretsen i kontakten med politikarar både nasjonalt, regionalt og lokalt saman med idrettsråda. Dei to momskompensasjonsordningane som idretten er omfatta av, er svært gode og treffsikre. Styret har vore tydeleg på at desse ordningane må rettighetsfestast slik at dei vert meir føreseielege for idretten og frivilligheita. Styret har også lagt vekt på å framheve den frivillige innsatsen som blir lagt ned i idretten kvar einaste dag.

I Vestland er verdien på den frivillige innsatsen i idretten berekna til rundt 2 milliardar kroner årleg. Frivilligheita i Noreg er fortsatt sterk, men ho kan aldri bli tatt for gitt, og det er viktig å leggje forholda til rette slik at den frivillige innsatsen blir stimulert i tida framover.

Dialog med politikarar

Styret har lagt stor vekt på å ha tett kontakt med politikarar – særleg på nasjonalt og regionalt nivå. Det har vore ei auke i talet på møte og annan dialog med politikarar i denne perioden. Dette er nærare omtalt i rapporten under eget punkt: «Gode rammevilkår i idrettslaga».

Vestland fylkeskommune er den viktigaste samarbeidspartnaren for idrettskretsen utover eigen organisasjon. Styret vil rette ein stor takk til fylkeskommunen for godt samarbeid også i denne tingperioden. Styret takkar særleg for bidraget på fem millionar kroner i ekstraordinær støtte til idrettslag for å stimulere til eit styrka aktivitetstilbod i 2022.

Eigarskap i Idrettens Olympiade AS

Idrettskretsen gjekk ut som deleigar i selskapet Idrettens Olympiade AS i 2023. Bakgrunnen for at VIK gjekk ut som deleigar er at OL/PL-prosessen no blir handtert vidare i NIF samt at idrettskretsen ser det som meir formålstenleg at arbeidet med små og store arrangement og anleggsutvikling skjer innanfor idrettens eigne organisasjonsledd.

Ny lokalisering av Idrettens Hus i Bergen

Det har i løpet av tingperioden vore arbeidd med alternativ for ny lokalisering av Idrettens Hus i Bergen etter at leigeavtalen som idrettskretsen har hatt med Brann Stadion AS går ut 30. juni 2024. Det har vore arbeidd med både ei kortsiktig og ei langsiktig løysing. Den kortsiktige løysinga er at idrettskretsen har inngått ein 5-årig leigeavtale med Rasmussen Eiendom AS knytt til Fjøsangerveien 68. Avtalen gjeld frå 1. september 2024, og har ein oppseiingsfrist på eitt år innanfor avtaleperioden.

Parallelt med dette har det vore arbeidd med ei langsiktig løysing med målsetting om at Idrettens Hus i Bergen etablerer seg i et nytt idrettsbygg på Krohnsminde Idrettsplass. VIK gjekk i desember 2023 inn i ein samarbeidsavtale med Krohnsminde Alliansen, som arbeider med å realisere dette bygget. Krohnsminde Alliansen består etter dette av Bergen Kickboxingklubb, Vestland Rugbykrets, Ny-Krohnborg Idrettslag og Vestland idrettskrets.

Strategisk viktige anlegg

Vestland idrettskrets har starta ein prosess saman med fylkeskommunen for å kartleggje strategisk viktige anlegg i Vestland med mål om å få ei oversikt over anleggsbehova knytt til større arrangement og soneanlegg som kan dekke fleire kommunar gjennom interkommunalt samarbeid. Dette arbeidet vil halde fram i den kommande tingperioden, og målet er ei prioritert liste over desse anlegga basert på innspel frå særiddrettar, idrettsråd og kommunar. Det er også oppretta eit anleggsutval i Vestland idrettskrets med desse medlemmane:

Leiar Nils R. Sandal, Vestland idrettskrets
Medlemmar: Tone Stavland, Vestland idrettskrets, Annicke Bergh Monsen, Hordaland Svømmekrets, Arnt-Inge Solvang, Hordaland Skøytekrets, Aud Kari Isane, Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Kristin Stølen, Idrettsrådet i Askøy, Lars-Idar Vegsund, Sunnfjord idrettsråd, Petter Hylland, Norges Brettforbund, Robert Hagen, NHF Region Vest, Tore Thorsen, NFF Hordaland

Idrettstinget 2023

Idrettstinget er Norges idrettsforbund sitt høgaste organ og blir gjennomført kvart andre år. I juni 2023 blei Idrettstinget gjennomført i Bergen. Det deltok 168 representantar med stemmerett. Vestland idrettskrets sin delegasjon talte 8 representantar.



Idrettspresident Berit Kjøl takkar fylkesordførar Jon Askeland for helsinga til tingforsamlinga.

Styremøte

Styret har gjennomført 10 styremøte i 2022 og behandla 65 saker. Det har vore 9 styremøte i 2023 med behandling av 57 saker. Blant saker som har vore behandla er:

Høyringsinnspel:

- Innspel til mogelege lovendringar til Idrettstinget
- Innspel til langtidsplan NIF 2023-2027
- Spelemiddelsøknaden frå NIF til KUD
- Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit Vestland fylkeskommune 2023-2035
- Innspelsmøte ny nasjonal anleggspolitikk
- Innspelsmøte med Kultur og likestillingsdepartementet om spelemiddelordninga

Fordeling av midlar

- Ekstraløyving frå Vestland fylkeskommune
- Ekstramidlar frå KUD/NIF til inkludering av barn og ungdom i idrettsaktivitet i Vestland
- Lavterskelordning Vestland fylkeskommune
- Nedlagde idrettslag
- Paraidrett

Representasjon/deltaking

- Årsmøte i idrettsråd: 25 i 2022 og 24 i 2023
- Reetablering/årsmøte Gulen idrettsråd
- Kretsting Hordaland Orienteringskrets
- Krinsting Sogn og Fjordane Orienteringskrins
- Krinsting Sogn og Fjordane Friidrettskrins
- Kretsting NFF Sogn og Fjordane
- Styremøte Idrettsklynge Vest
- Opning av Austevoll Stadion/Friidrettsarena
- Opning av basishallen i Stryn
- Opning av Nore Neset Arena
- Opning av klubbhus Sunnfjord Golfklubb
- Opning av Varden Idrettspark nærmiljøpark
- Opning Bygstad Idretts- og Fritidspark
- Opning Voss Idrettshus
- Nymark IL 100 år
- Haugen IL 125 år
- Strandvik IL 100 år
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins 100 år
- Askøy Badmintonklubb 50 år
- Sogn og Fjordane Skikrins 100 år
- Jotun IL 100 år
- Smørås IL 50 år
- Møte OL/PL sondering, NIF
- Norsk Idrettspolitisk Arena (NIPA, Ørland)
- Frivilligheitskonferanse i regi av Vestland fylkeskommune
- Kulturkonferansar Vestland fylkeskommune
- Nasjonal Anleggs- og idrettsrådskonferanse
- IKSU (idrettskretsanes samarbeidsutval)
- NIF Leiarssamlingar
- Årets eldsjel - Vestland sin kandidat
- Miljøsamling NFF Sogn og Fjordane
- Stipend- og prisutdeling Vestland fylkeskommune
- Stipend- og prisutdeling Bergen kommune
- Balansekonferansen
- Idrettens time, Gulen og Masfjorden
- Idrettsrådsamling Bergen
- Anleggskonferanse Bergen
- Idrettsrådsamling Sunnhordland
- Kick off VM i vektløfting 2025, Førde
- Bergen Swim Festival
- NM i Rytmask Gymnastikk
- World Cup og EM i fallsjerm, Voss
- Besøk LIM prosjektet, Slettebakken, Bergen
- Avslutningstilstelning for Vestland fylkesting 2019-2023, Håkonshallen
- Anleggskonferanse i regi av Norges Håndballforbund, Bergen

I tillegg til denne lista har det vore gjennomført fleire idrettskretsleiar møte og dialogmøte med Norges idrettsforbund, samt med Vestland fylkeskommune om saker av ulik karakter.

Årets eldsjel

Foto: Vette Eggen



Grethe Fadnes (IL Solid) blei kåra til Vestland sin fylkesvinnar til prisen Årets eldsjel 2022. Ho fekk overreikt diplom og blomar av Are Strandli på vegne av NIF og Norsk Tipping.

Foto: NIF



Atle Isaksen (Fana IL) blei kåra til Vestland sin fylkesvinnar til prisen Årets eldsjel 2023. Han fekk overreikt diplom og blomar av Kjetil André Aamodt på vegne av NIF og Norsk Tipping.

Styret ynskjer å takke for ein solid innsats i idrettslag, særkretsar/regionar og idrettsråd gjennom desse to årene. Vi vil rette ei stor takk til alle som bidreg for å skape trygge og gode oppvekstvilkår for barn og ungdom i Vestland.

Kretsstyret



Nils R. Sandal
Leiar



Tone Stavland
Nestleiar



Jarl Svanberg
Styremedlem



Anne-Grethe Naustdal
Styremedlem



Jan-Erik Weinbach
Styremedlem



Jeanette Heggen
Styremedlem



Janne Landås
Tilsettes representant



Marita Kristiansen
Varamedlem



Arne Helgheim
Varamedlem

Kontrollutval

Leiar
Medlem

Terje Gjertsen, Førde IL
Marit Pedersen, Bergens
Svømme Club

1. Vara
2. Vara

Svein Brunvatne, Lysekloster IL
Oddny Grete Njøten, Stryn TIL

Valkomit 

Leiar
Medlem
Medlem
Vara

Cecilie Taule L vliid, Sogndal IL
Martha Gulbrandsen, BFG L peklubb
Svein Ove Eikenes, Stord Fotball
Stein Bj rhovde, Haugen IL

UNGDOMSUTVAL

Det har vore to innhaldsrike år for ungdomsutvalet. Vi er eit aktivt utval, med fleire verv både i idretten og utanfor. Fleire av medlemmane har deltatt på samlingar av både nasjonal og internasjonalt karakter, samt representert utvalet og idrettskretsen på Idrettstinget og andre arenaer med moglegheit for påverknad.

Arrangement

Starten av 2022 var framleis ei usikker tid på grunn av pandemien. Noko som gav utfordringar når det kom til å planleggje og arrangere noko for ungdom i Vestland. Vi brukte mykje tid delar av vinteren og våren på å planleggje ei nettverkssamling for unge leiarar i Vestland idrettskrets, men måtte avlyse denne på grunn av for få påmeldte.

Det store høgdepunktet i 2023 var gjennomføring av "Nettverkssamling for framtidens idrettsleiarar", som ungdomsutvalet arrangerte parallelt med Idrettstinget i Bergen, 2.-4. juni 2023. Det var ei samling for leiarar mellom 15 og 26 år, som har verv i norsk idrett. Samlinga hadde som overordna mål å bruke idrettstinget til å aktivt rekruttere og gi kompetanse til fleire unge leiarar frå heile organisasjonen og inspirere til vidare engasjement i idretten. Samlinga vart ein suksess. Vi hadde dyktige bidragsytarar som styremedlemmar i NIF, administrasjon i særforbund og komande idrettspresident Zaineb Al-Samarai. Vi fekk publisitet i NIF sine kommunikasjonskanalar, merksemd frå talarstolen og ikkje minst gode tilbakemeldingar frå deltakarane og andre. Nettverkssamlinga kravde mykje planlegging og var prioritert i første halvår av 2023.

[Idrettsforbundet sin artikkel om nettverkssamlinga](#)

Møte i ungdomsutvalet

Utvalet sine møte har i perioden vore prega av gode diskusjonar og fleire forslag som blir vidareformidla til styret og administrasjonen. Utvalet består av medlemmar frå ulike idrettar, med ulike perspektiv og erfaringar, noko som gjer at møte og diskusjonar blir givande og konstruktive. Det har vore gjennomført totalt 16 møte i ungdomsutvalet i 2022 og 2023.

Samarbeidet med styret opplever vi som godt. Utvalsmedlem Jeanette Heggen er også styremedlem i idrettskretsen og har i 2023 fungert

som eit bindeledd mellom styret og utvalet. Innspel og meiningar frå ungdomsutvalet er tatt opp i styret, og enkelte av styret sine saker har blitt orientert om og drøfta i ungdomsutvalet sine møte.

Mandat og oppgåver

Ungdomsutvalet sitt mandat, seier at ungdomsutvalet har følgjande oppgåver:

- **Vere ein pådrivar for at ungdom held på lenger med idrett**
Oppgåva er jobba med på fleire plan. Blant anna gjennom gjennomføring av nettverkssamling og bidrag og deltaking på leiarkurs for ungdom i både 2022 og i 2023. I etterkant av nettverkssamlinga i 2023 fekk utvalet rekruttert inn ein deltakar i utvalet.
- **Å setje minimum eitt konkret mål som er mogeleg å gjennomføre i perioden**
Nettverkssamlinga var utvalet sitt store mål for 2023. Samlinga vart gjennomført, og har fått fleire gode tilbakemeldingar.
- **Å kommunisere tett med idrettsråd og idrettslag om ungdomsproblemstilling**
Gjennom deltaking på dialogmøte har utvalet vore i kontakt med idrettsråd. Under nettverkssamlinga var deltakarane på klubbese i Fana IL. Der var det rom for spørsmål og undringar knytt til Fana sitt arbeid med ungdomsproblemstilling i idretten.
- **Å vere ein pådrivar for kjønnsbalanse samt fleire unge i trenar- og leiarrolla, ved blant anna å promotere leiarkurs for ungdom.**
Gjennom nettverkssamlinga har vi vore ein pådrivar for engasjement i idretten, enten som ung leiar eller som ung trenar. Vi har promotert leiarkurs for ungdom, samt bidratt til fagleg innhald og hatt to utvalsmedlemmar som deltakarar på Leiarkurs i Bergen. På idrettskretstinget i 2022 hadde Jeanette Heggen innlegg om hennar erfaringar som ung dommar og trenar, tillitsvald og engasjement i idrettslag.
- **Å vere idrettsungdommane si stemme i Vestland idrettskrets på saker som omhandlar ungdom, andre aktuelle saker og på dei sakene styret ønskjer å høyre ungdommen sine tankar.**
Gjennom god dialog med styret og administrasjon, har vi moglegheita til å vidareformidle ungdommen sine innspel og tankar, samt svare på spørsmål og saker frå styret.
- **Å fremje innstilling av unge styrerepresen-**

tantar til valkomiteen ved idrettskretsting.

Utvalet har fremja to kandidatar til valkomiteen, i forkant av idrettskretstinget i 2024. I tillegg har utvalet fremja Magnus Hesjedal Hartwig som kandidat som medlem av NIFs valkomité, der han blei innstilt av idrettsstyret og vald som medlem på Idrettstinget i Bergen.

- **Å oppfordre til nettverksbygging blant idrettsungdom i fylket.**

Gjennom aktivitet i sosiale medium, gjennomføring av nettverkssamling og promotering av leiarkurs for ungdom, oppfordrar utvalet til nettverksbygging blant idrettsungdom både regionalt og nasjonalt.

Ungdomsutvalet 2022-2023

Leiar Jeanette Heggen, Selbjørn IL/Austevoll IK

Nestleiar Mattias Gripsgård Sakstad, Flaktveit IK

Sekretær Magnus Hesjedal Hartwig, Fana IL

Økonomiansvarleg Cesilie Øygard, BI Bergen Studentidrettslag

Medlem Sara Stokken Rott, Kalandseid IL

Medlem Eline Marie Nordhus Soltvedt, Fana IL.



Foto: Janne Landås

UNGDOMSUTVALET 2022

F.v. Cesilie Øygard , Eline Marie Nordhus Soltvedt, Jeanette Heggen, Mattias Gripsgård Sakstad, Sara Stokken Rott og Magnus Hesjedal Hartwig.



*Leiarkurs for ungdom i Bergen.
Eline Marie Nordhus Soltvedt
og Sara Stokken Rott.*



Foto: Janne Landås

UNGDOMSUTVALET 2023

*Bak f.v.: Ingeborg Wåge Møgster, Jeanette Heggen
og Morten Føyner Bru.*

Foran f.v: Magnus Hesjedal Hartwig og Jonas Kønig.

Ungdomsutvalet 2023-2024

Leiar Magnus Hesjedal Hartwig, Fana IL

Nestleiar Ingeborg Wåge Møgster,
Varegg Fotball

Sekretær Morten Føyner Bru
Bergens Roklubb

Medlem Jonas Kønig
Bømlo Shotokan Karateklubb

Medlem Jeanette Heggen,
Selbjørn IL/Austevoll IK

Møteverksemd

Ungdomsutvalet i Vestland idrettskrets har i løpet av 2022 hatt ni møte og i 2023 sju ordinære utvalsmøte.

Det har i tillegg vore fleire møte knytt til planlegging og gjennomføring av nettverkssamlingar og statusmøte med idrettskretsen.

Deltakingar og andre representasjonar

- Digital nettverkssamling for unge idrettsleiarar
- Bidratt som arrangør under EM i luftskyting for parautøvarar i slutten av mars.
- Frivillighetsseminaret på idrettskretstinget 2. april i Førde.
- Klubbesøk hos Flaktveit IK.
- Idrettspolitisk arena for unge styremedlemmar 3. mai.
- Olympisk Akademi på Lillehammer 12.-14. august.
- Arbeidsgruppemøte for ungdomsutval nasjonalt
- Student-EM i Polen.
- Fellessamling på Osterøy med Vestland idrettskrets
- NIF sitt mentorprogram 10. september.
- Balansekonferansen vår og haust.
- Lillehammer Young Leader Program sin internasjonale samling på Lillehammer 21.- 23. oktober
- Dialogmøte på Skei og i Bergen
- Idrettstinget i Bergen
- Konferansierer på Tingmiddagen, Sara Stokken Rott og Magnus Hesjedal Hartwig
- Valkomiteen i NIF
- Nasjonalt Olympisk Akademi på Lillehammer.

- «Mentorprogrammet for unge ledere 2023 – 2024» i regi av studentidretten og Norges idrettsforbund
- Ekstraordinært Idrettsting
- Roforbundet sitt ting
- NIFs Onboarding av tingoppnemte utval
- Leiarkurs for ungdom, deltakarar og kurslærar
- Med i arbeidsgruppa for ei regional fritids-erklæring i Vestland fylkeskommune.
- Ungdomsråd på tvers 3.-4. september i regi av Idrettsklynge Vest.
- Dialogmøte med idrettsråd og særkretsar 20. og 22. september
- Leiarkurs for ungdom 4.-6. november, kurslærar
- Idrettens møteplass i Sandane 4.-5. november.
- Jenter ut av pasningsskyggen regi av NFF, 26. november
- Digital temakveld med valkomiteen, 28. november



Framtidas idrettsleiarar på Idrettstinget 2023



Idrettens Hus



Foto Janne Landås

Bergen på Brann stadion



Foto Bodil Ryste

Førde i Concordbygget

Administrasjon



Knut Songve
Organisasjonssjef



Heidi Hatlen
Rådgjevar organisasjon



Narve Heggheim
Rådgjevar anlegg



Anne-Kristine Aas
Seniorrådgjevar/
prosjektleiar



Bodil Ryste
Rådgjevar idrettsfag



Martin Uthaug
Rådgjevar klubb utvikling



Grethe Hillestad
Rådgjevar



Ole Nilsen
Økonomikonsulent



Erling Benjaminsen
Økonomikonsulent



Janne Landås
Rådgjevar
kommunikasjon



Thea Christiansen Mandt
Rådgjevar Paraidrett
slutta 31.08.23



Aida Husic Dahlen
Rådgjevar Paraidrett
tilsett 18.10.23



Helene Fraas
Rådgjevar
inkludering flerkulturelle
tilsett 01.12.23

LIVSLANG IDRETT

For å nå målet skal idrettskretsen mellom anna tilby relevante og spissa kurstilbod av høg kvalitet for trenarar, leiarar og tillitsvalde.

Kurs tilrettelegging paraiddrett

Kurset tek føre seg korleis ein kan leggje til rette for aktivitet slik at barn, unge og vaksne med ulike funksjonsnedsetjingar kan delta aktivt og oppleve idrettsglede. I 2022 gjennomførte VIK tre tilretteleggingskurs. Kurslærar var Christian Jensen. Det er no laga avtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL) slik at kurset vert gjennomført årleg på Campus Sogndal og Kronstad (Bergen).

Barneidrettstrenaren

Barneidrettstrenaren rettar seg mot trenarar for målgruppa 5-12 år på tvers av idrettar. Totalt gjennomførte vi fem kurs for idrettslag i 2022 og sju kurs i 2023. Som regel er kursgjennomføringa knytt opp til eit idrettslag som ynskjer kurset i sitt område. Vi har hatt kurs i Bergen, Askøy, Sogndal, Askvoll, Stryn og Stord.

I tillegg gjennomførte vi fem Barneidrettstrenar-kurs 2022 i tiltaket AktiVane, fire kurs for skular i Bergen kommune og eitt kurs i Alver kommune. I 2023 blei det gjennomført tre kurs i Bergen.

Idrettskretsen har ein samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet om gjennomføring av Barneidrettstrenaren.

Trenarutviklarar som held kurset for Vestland idrettskrets: Stine Marie Huus, Erik Rustad, Maria Dalsbø og Synne Aafedt Liljedahl.

Barneidrettsansvarleg

Rolla barneidrettsansvarleg skal oppnemnst av styret i dei idrettslaga som organiserer idrett for barn 12 år og yngre. Vi har gjennomført 1-2 årlege digitale temakvelder der vi gjennomgår rolla og oppgåvene til den barneidrettsansvarlege, samt idretten sine barnerettar og bestemmingar.

Delmål 1



Vere mangfaldig og tilrettelagt for alle aldersgrupper og nivå

Idrettskretsen skal vidare motivere idrettslaga til å ha tilbod for alle aldersgrupper og nivå, og rettleie i tilrettelegging for ulike målgrupper. I tillegg støtte opp om idrettslaga sitt arbeid med å rekruttere aktivt frå grupper som lett kan falle utanfor, og tilby rett-leiing, kurs og kompetansehevande tiltak som legg til rette for paraiddrett.

Inspirasjonskveld barneidrettsaktivitet

Vi tilbyr ulike temakvelder for idrettslaga. Vi har gjennomført inspirasjonskveld barneidrettsaktivitet på Bønes, i Gaular og Eidfjord, og vi har også bidratt med innlegg på Trenarforum hos Kalandseid IL.

Inspirasjonsseminar barneidrett – NM veka 2022

I samarbeid med Norsk Tipping inviterte vi i samband med NM-veka 2022 til inspirasjonsseminar for trenarar i barneidretten. Konferansier Kari Amble intervjuar Marit Bjørgen om hennar tips til barneidrettstrenarar som rollemodellar. Kåre Mol heldt innlegg om trenarperspektiv – lek for å lære, før Jon Grydeland frå Norges idrettsforbund avslutta med innlegg om Trenarattesten.

Inkludering

Idrettskretsen har i samarbeid med NFF Hordaland og NHF Region Vest ein eigen stillingsressurs retta mot inkludering i idretten. I dette arbeidet ligg mykje samarbeid på tvers av idrettsorganisasjonen og med offentlege instansar. Arbeidet rettar seg mot samfunns- og verdiarbeid med å få alle med i idretten, med særskild vekt på fleirkulturelle og økonomiske barrierar. Inkluderingsarbeidet er også eit samarbeid med Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

Innsatsområdet har vore å utfordre idrettslag til å sette fokus på samspel med det offentlege og andre organisasjonar, lågterskelaktivitetar og andre grep som idrettslaga kan arbeide med for å gjera idrettslaga meir opne for alle.

I tillegg har idrettskretsen lagt til rette for fleire ulike gratis ferieaktivitetar på Stord, i Øygarden og i Bergen, med over 180 deltakarar mellom 8-14 år og 15-20 år. Hausten 2022 vart det gjennomført ei veke med aktivitetsdagar for innføringsklassar i Bergen og for den ukrainske skulen i Bergen.

Det har vore mottaksretta arbeid for spesielt barn og unge som bur eller har vore knytta til mottaka på Stord, eit ordinært og eit for einslege mindreårige og dei ulike akuttmottaka i Bergen som opna våren 2022. Mottaksretta arbeid omhandlar aktivitetsgjennomføringar for bebuarane gjennom heile året, informasjonsformidling, utstyrshjelp, støtte til idrettsdeltaking og generelt oppfølging av mottaka og nærliggande idrettslag.

Vi har halde fram med webinar og digitale møteplassar. Vi har gjennomført webinar med ulike tema innan samfunn og verdiarbeid både hos idrettskretsen og saman med andre samarbeidspartar som NFF Hordaland, NHF Region Vest og Aktiv Saman-ressursgruppa. Vi har hatt eit ekstra samarbeid med idrettslag og ressurspersonar knytta til Sogndal IL, Askøy Fotballklubb og Stord IL. I tillegg har vi hatt ekstra oppfølging av godt over 50 ulike idrettslag som har vore knytt til Lågterskel-tilskotsordninga til Vestland fylkeskommune og anna oppfølgingsarbeid.

Aktivitetsguide

I Bergen har vi nokre aktivitetsguidar på barne- og ungdomsskular som har innføringsklassar. Vi støttar Idrett Bergen Sør sitt idrettsleik prosjekt for desse innføringsklassane. Ein aktivitetsguide hjelper barn og unge med deltaking i idretts-

aktivitetar. Vi har vore på fem ulike skular, der det er alt frå 5-25 elevar per klasse. Vi har hatt mellom 3-5 ulike aktivitetsguidar. Med midlar frå Sparebankstiftelsen SR-bank har vi starta prosessane med aktivitetsguideliknande arbeid på Askøy, Stord, i Øygarden og i Bjørnafjorden.

Samarbeid med andre aktørar

Aktiv Saman er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, DNT Bergen og Hordaland Turlag om inkludering i idrett og friluftsliv. Denne gruppa har sett fokus på informasjonsformidling og samarbeid med frivilligheita og kommunar. Vi har andre samarbeid med Kirkens bymisjon, Redd Barna, Norsk Folkehjelp og Røde Kors, spesielt i Bergen, noko på Stord, men også i andre kommunar i fylket. Vi får midlar til vårt arbeid blant annet frå Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Barne- og ungdomsdirektoratet, Sparebankstiftelsen SR-bank og nokre midlar frå NHF Regon Vest som er handballretta arbeid.

Paraidrett

I 2022 har rådgjevar paraidrett arrangert paraidrettsdagar, heldt innlegg og presentasjonar for aktørar i og utanfor idretten for å synleggjere paraidrett. Det har blitt arrangert kurs, samlingar og møteplassar. Idrettslag har blitt følgt opp med ulike førespurnadar om paraidrett, alt frå hjelp til å starte nye tilbod, kvar ein kan søke midlar, korleis inkludere paraklasse i arrangement, hjelp til rekruttering med meir.

Nytt i 2022 var konseptet Superlekene - idrettsarrangement for menneske med utviklingshemming der ein har fått tildelt midlar frå Stiftelsen DAM saman med Rogaland idrettskrets og Møre og Romsdal idrettskrets. Det vart i 2022 arrangert Superlekene Voss i Myrkdalen med 100 deltakarar og Superlekene Førde 19. november med 45 deltakarar. I 2023 deltok nærmare 80 deltakararar på Superlekene på Voss. Det vart òg arrangert paraidrettsdag i Åsane



Superlekene i Førde

Arena med 110 deltakrar i alderen 6-16 år.

Rådgevar paraiddrett samarbeidar med andre viktige aktørar både i og utanfor idretten for å informere og rekruttere fleire til paraiddretts-tilbodet. I 2022 fekk Vestland idrettskrets, Agder idrettskrets og Rogaland idrettskrets tildelt 10 millionar frå Sparebankstiftelsen SR-bank for å arbeide med å få fleire menneske med utviklingshemming inn i idretten. Dette held fram i 2023 og er midlar som tildelast idrettslag som jobbar for å starte nye tilbod eller for å styrke eksisterande tilbod.

Vestland idrettskrets tildeler midlar øyremarka paraiddrett frå Vestland fylkeskommune der særkretsar/regionar og særforbund utan regionalt ledd kan søke.

Oversikt over tildeling i 2022:

Norges Håndballforbund Region Vest og NFF Hordaland	120 000
Norges Golf forbund	15 000
Norges Ishockeyforbund	20 000
Hordaland Skøytekrets	10 000
Norges Klatreforbund	10 000
Hordaland Skikrets	20 000
Hordaland Skytterkrets	30 000
Norges Bandyforbund	10 000
Norges Fleridrettsforbund	15 000

Oversikt over tildeling i 2023:

Norges Håndballforbund Region Vest og NFF Hordaland	120 000
Norges Golf forbund	20 000
Norges Fleridrettsforbund	15 000
Vestland Gymnastikk og turnkrets	25 000
Norges Studentidrettsforbund	25 000
Hordaland Skytterkrets	20 000
Norges Biljardforbund	40 000

Barn og unge med ulike tilretteleggingsbehov

Gjennom prosjektet Knutepunktet i Idrettsklynge Vest, har idrettskretsen vore ein av bidragsytarane til opparbeiding av nettstaden www.tryggeutovere.no Lågterskelmidlar frå Vestland fylkeskommune bidreg til at fleire idrettslag no søker om å starte tilbod til denne målgruppa i idrettslag. I 2022 var det ni idrettslag som fekk tildelt midlar frå ordninga og i 2023 ti idrettslag.

Det har også vore halde kurs i Hafslo, Sogndal og i Alver om barn og unge med ulike tilretteleggingsbehov.

Idrettsmerket

Idrettsmerkearrangørane legg ned stor innsats år etter år og motiverer mange til fysisk aktivitet og trivsel, og legg til rette for viktige sosiale møteplassar. Idrettskretsen bidreg med informasjonsarbeid, registrering og oppfølging av arrangørar. Tabellen under viser kor mange kvinner og menn som har tatt Idrettsmerket i 2022 og 2023.

Harald Haugen (Stord IL), Svein Milch (Laksevåg T & IL) og Astrid Bertine Veum frå Hafslo IL oppnådde 60-års merket. Idrettskretsen gratulerer!

År	Tal kvinner	Tal menn	Totalt
2022	142	231	373
2023	149	198	347

Fig 10 Figuren viser Idrettsmerketakrar 2022 og 2023 i Vestland. Tala er lagt ut med det forbehold at dette er dei som har registrert idrettsmerke prøva innan 28. februar 2023. Det kan vere einskilde lag som har gjennomført prøver, men ikkje fått registrert tidsnok til å bli med i denne oversikta.

For å nå målet om å vere mangfaldig og tilrettelagd for alle aldrar og nivå, skal idrettskretsen også jobbe for godt samarbeid med idrettsråda, særkretsar og ulike offentlege instansar.

Idrettsråd

Idrettsråd (IR) er eit fellesorgan for idretten i kommunen, organisert gjennom idrettskretsane og underlagd NIFs lover og vedtekter. Idrettslag med medlemskap i NIF blir automatisk medlem i idrettsrådet i sin kommune. Idrettskretsane har service- og støtteoppgåver for idrettsråda og skal sørge for at det blir oppretta idrettsråd i kommunane.

I Vestland har vi 39 idrettsråd og fire kontaktidrettslag. Kontaktidrettslaga har IR sine oppgåver - ansvar for kontakt og samarbeid med sin kommune. Idrettsrådet i Gulen blei i 2022 restarta etter over 10 år i dvale. Gulen IR er no eit svært aktivt IR som samarbeider svært godt med sin kommune.

Samarbeidsavtale idrettsråd og kommune

Vestland idrettskrets oppmodar idrettsråda til å inngå skriftlege samarbeidsavtalar med sin kommune.

Mange idrettsråd i Vestland har no inngått slike avtalar. Desse avtalane klargjer viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samar-

beidet mellom kommunen og idrettsrådet. I perioden har idrettskretsen hjulpet idrettsråda i deira arbeid. VIK har jobba for å tydeleggjere for kommunane idrettsråda si lovpålagde rolle og oppgåver som organisasjonsledd i idretten. Det har vore ei prioritert oppgåve for idrettskretsen å delta og bidra på idrettsråda sine årsmøte. Det er 16 idrettsråd per 31.12.23 som har undertekna samarbeidsavtale med sin kommune, men fleire idrettsråd er i prosess med sin kommune om ein samarbeidsavtale.

Idrettskretsen deltok i 2022 på 25 årsmøte i idrettsråda, med rundt 400 deltakarar totalt. I tillegg var idrettskretsen på 43 besøk i idrettsråda, med 408 deltakarar. I tillegg har det vore kurs i "idrettsrådets rolle og ansvar" og anleggskurs for idrettsråd. Sjå resultatmål for oversikt. Idrettskretsen deltok i 2023 på 24 årsmøte i Idrettsråda, med rundt 400 deltakarar. I tillegg var idrettskretsen på 40 besøk i Idrettsråda. Det har i 2023 vore arrangert kurs i «Idrettsrådet si rolle og ansvar, anleggskurs, regionvise samlingar for IR, temakvelder inkludering, paraidrett og idrett/skole, idrettens time i kommunestyret, idrettskonferanse. Sjå resultatmål s. 25 for oversikt.

Kurs og kompetanseheevande tiltak retta mot idrettsråda

VIK har saman med idrettsråda gjennomført fellesidrettslege kurs og temadagar, i tillegg har det vore gjennomført relevante konferansar i samarbeid med idrettsråd som har ønskt det.

Samarbeid med offentlege instansar og på tvers i idrettsorganisasjonen

Gjennom året har idrettskretsen ei rekkje møtepunkt med idrettsråda, særkretsane/regionane og ulike offentlege instansar. Samarbeid med det offentlege og på tvers i idrettsorganisasjonen står sentralt i mykje av arbeidet vårt, til dømes innanfor paraidrett og inkludering.

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune er idrettskretsen sin viktigaste samarbeidspart utanfor idrettsorganisasjonen. Idretten sorterer under ansvarsområdet til hovudutval for kultur, idrett og integrering i fylkeskommunen.

Høgskulen på Vestlandet

I tillegg til samarbeidsavtalar kring gjennomføring av kurs og faginnlegg, er Vestland idrettskrets representert i følgjande råd ved Høgskulen:

- Studieprogramråd for idrett, folkehelse og friluftslivsutdanningane

- Fakultetsråd Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)

Idrettspolitiske dialogmøte

Idrettskretsen har etablert idrettspolitiske møteplassar der tillitsvalde i idrettsråd og særkretsar/regionar og idrettskrets møter kvarandre for å informere og drøfte ulike idrettspolitiske saker. I løpet av perioden 2022-2023 har det vore to idrettspolitiske dialogmøte på Skei og to i Bergen.

Særkretsleiar møte

I 2022 vart det gjennomført eit særkretsleiar møte i Bergen med deltaking frå 13 særiddrettar i tillegg til deltakarar frå idrettskretsens styre. Blant tema som vart diskutert var roller, ansvar og samhandling i idrettsorganisasjonen på regional nivå, Vestland fylkeskommune som regional utviklingsaktør og idrettsanlegg, anlegg og rammevilkår som straum, økonomiske barrierar og andre utfordringar.

På særkretsleiar møtet i 2023 deltok representantar frå 16 særiddrettar og deltakarar frå idrettskretsen sitt styre. Blant tema som vart diskutert var korleis idrettskretsen kan støtte opp om arbeidet i særiddretten best mogeleg, ulike idrettspolitiske utfordringar og ny regional plan for kultur 2023–2035 i Vestland fylkeskommune.

Samarbeid med særkretsar/regionar

VIK gjennomfører regelmessig samarbeidsmøte med daglege leiarar i særkretsar/regionar i Vestland. Andre døme er samarbeid i høve fellesidrettslege tema som klubb utvikling og to årlege møte med samordning av terminliste i aldersfastlagde klassar. Det er også tett samarbeid innanfor område som paraidrett og inkludering.

Idrettens Møteplass

Arrangementet Idrettens Møteplass vart halde på Sandane 5. november 2022. Møteplassen var eit samarbeid med særkretsane i ski, friidrett og orientering i Sogn og Fjordane, og legg til rette for felles foredrag og aktuelle møte, samt ei fellesidrettsleg treningssamling for ungdom i alderen 12-19 år. Totalt deltok kring 100 på møteplassen, fordelt på kring 50 på foredrag og 35 unge utøvarar på treningssamling og resten på kurs og andre møte. Møteplassen vart ikkje arrangert i 2023.

Idrett og skule

Idrettskretsen samarbeider med Høgskulen på Vestlandet i Bergen om Praksis i frivillig idrettsliv, der idrettskretsen har ansvar for å skaffe stu-



Kretsting i Førde 2022



Samling i Bergen for styreleiara i særkretsane 2022



Samling i Bergen for styreleiara i særkretsane 2022



Samling i Bergen for styreleiara i særkretsane 2023

dentane praksisplass i idrettslag, samt å følge opp studentar og betale idrettslaga med midlar frå Høgskulen på Vestlandet. I 2022 var det 21 studentar i praksis i 12 ulike IL og i 2023 var det 26 studentar i praksis i 11 ulike IL. I samarbeidet inngår også undervisning på Høgskulen for Bachelor idrettsstudentar.

Saman med Idrett Bergen Sør har idrettskretsen ansvar for å kurse SFO-tilsette og ungdomsskuleelevar i Bergen kommune, lage aktivitetstilbod og følgje dei opp i tiltaket AktiVane. Tiltaket er finansiert av Bergen kommune og dette samarbeidet er sikra gjennom ein avtale mellom Byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett og idrettskretsen. Det er no 28 barneskular og 16 ungdomsskular med i tiltaket. Aktiviteten både i 2022 og 2023 har vore prega av pandemien og vi har berre gjennomført åtte kurs desse to åra. Eitt av kursa blei gjennomført i Alver kommune for Knarvik barne- og ungdomsskule som ønskjer å prøve ut AktiVane.

Bergen kommune tilbyr alle elevar i 9. trinn arbeidsplassbesøk i programmet Ka vil DU bli? VIK har tatt på seg å vere idrettsarbeidsplassen og vi arrangerer Fagdag idrett. Hausten 2022 arrangerte vi to fagdagar med til saman 60 elevar frå tre ulike bydelar. I 2023 var fagdagane tilbake i normalt gjenge og vi gjennomførte to fagdagar vår og to fagdagar haust med til saman 120 elevar frå alle bydelane i Bergen.

Idrettsklynge Vest

Idrettsklynge Vest skal styrke samhandlinga kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland, gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og formidling. Vestland idrettskrets har representantar i fleire av Idrettsklynge Vest sine møteplassar:

Knutepunktet: Ein arena der barn og unge får lyst til å vere fysisk aktive trass helseutfordringar. I 2022 har det mellom anna vore gjort revidering av ressursida www.tryggeutovere.no, samt revidering av kurstilboda som følgjer denne ressursida. Idrettskretsen har gjennomført to temakvelder basert på tematikken som Knutepunktet tek opp, i Alver og i Sogndal.

Energikonsulent: Gjennom møteplassen Knutepunktet i Idrettsklynge Vest vart det sendt søknad til Stiftelsen DAM i 2020 om midlar til prosjektet «Energikonsulent- trygghet i overgangen». Prosjektet som har ei lengd på to år, vart tildelt 1 345 000 kroner. Vestland idrettskrets, Energisenteret for barn og unge samt Bergen kommune etat for barn og familie står bak søk-

naden. Energikonsulent skal sikre at barn og unge med tilretteleggingsbehov skal kunne delta og oppleve fellesskap i organisert aktivitet i sitt nærmiljø. Heilt konkret skal barn og unge ha møte med ein energikonsulent og finne passende aktivitet å delta på. Deretter blir energikonsulenten med på trening dei første gongene og sikrar difor ein trygg inngang.

I 2021 vart det tilsett tre energikonsulentar hos dei ulike aktørane i prosjektet. Ein av desse vart tilsett i 40 % i Vestland idrettskrets. Prosjektet vart avslutta hausten 2023. Målet med å følgje opp 120 born i perioden vart nådd.

Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule: Gjennom denne møteplassen vil Idrettsklynge Vest arbeide for auka forståing for og status i kroppsøvningsfaget i grunnskule og vidaregåande skule. I tillegg skal møteplassen bidra til kompetanseheving og kunnskapsdeling i og rundt kroppsøvningsfaget. Våren 2023 arrangerte møteplassen Kroppsøvningsseminar for kroppsøvningslærarar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Seminaret blei gjennomført på Amalie Skram vidaregåande skule med 80 deltakarar frå heile fylket.

Paraidrett frå breidde til topp: Rådgevar paraiddrett er leiar for gruppa. Målet er å legge til rette for at fleire med funksjonsnedsetting kan delta i idrett og fysisk aktivitet. I 2022 vart det gjennomført ein studietur til Trondheim med åtte deltakarar.

Aktive Gamere: Skal legge til rette for tettare kopling mellom gaming, idrett og fysisk aktivitet, utvikle modellar, auke kompetanse og skape møteplassar. Idrettskretsen skal ha fokus på idrettslag i dette arbeidet. I 2022 var VIK med i tilsettingsprosessen av e-sportkoordinator i Vestlandet E-sport som blant anna leiar denne møteplassen. Stillinga er finansiert med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Møteplassen arrangerte Aktive Gamere-konferansen i Bergen i oktober. Hausten 2022 blei det jobba med å få midlar til å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for dataspeling og e-sport i fylket og Sparebanken Vest ved Agenda Vestland tildele midlar til dette. I 2023 blei det tilsett ein dagleg leiar i Aktive Gamere og møteplassen blei lagt ned. Ein har som mål at nettverket skal leve vidare og idrettskretsen var difor også involvert i Aktive Gamere-konferansen 2023. Ved utgangen av 2023 veit vi at over 60 idrettslag planlegg eller allereie har eit tilbod om dataspeling og e-sport til sine medlemmar.



Aktive Gamere konferansen 2022

Ungdomsråd på tvers: Samlar representantar frå ungdomsråda i dei ulike organisasjonane. Målet er å auke brukarmedverknaden frå ei viktig målgruppe.

Fysisk aktivitet for eldre: Nyetablert møteplass hausten 2021, som gjennomførte sin første konferanse hausten 2022 i Bergen med tema "Aktiv heile livet". Kring 90 deltakarar deltok. Fleire idrettslag deltok med erfaringsdeling frå sine tiltak for aktivitet og idrettsglede for eldre.

RESULTATMÅL

Talet på kurs, kursdeltakarar og klubbbesøk (sjå tabell under Betre idrettslag)

- **Evaluering av kurstilbod og gjennomførte kurs:** Det er gitt 90 evalueringar på 20 unike kurs. Snittscoren er 5,3 (skala 1-6).
- **Utvikling i medlems- og aktivitetstal, samt tal på aktive med funksjonsnedsetting og i allidrettstilbod:** Medlems- og aktivitetstal: Sjå statistikk s. 4 og 7.
- **Paraidrett:** 163 idrettslag rapporterar at dei har menneske med funksjonsnedsetting i idrettslaget og totalt 1 184 parautøvarar er registrert i 2022 og 1 229 parautøvarar i 2023. Fem idrettslag har registrert 12 parautøvarar som deltek på allidrettstilbod.
- **Allidrett:** 129 idrettslag rapporterte per 2022 om allidrettsaktivitet, med 7 250 medlemmar i allidrettsgrupper i Vestland i alderen 0-19 år. 31 % av desse i aldersgruppa 6-8 år. Merk at dette gjer allidrett til den femte største «idretten» i Vestland i alderen 0-19 år, etter fotball, handball, gym og turn og symjing.



NM-veka i Myrkdalen. Foto Geir Owe Fredheim

Delmål 2

Halde på fleire, lenger



Allidrett for barn 6-12 år og ungdom 13 – 19 år

Allidrett for barn og ungdom er varierte og allsidige aktivitetstilbud der barn får prøve fleire ulike idrettar i ulike miljø. Idrettskretsen godkjenner nye allidrettstilbud, og handsamar søknadar om støtte til oppstart og utvikling av allidrettstilbud. Idrettslaget kan få støtte til allidrett for barn, allidrett for ungdom og allidrett for paraidrettsgrupper. I tillegg kan idrettslag med Allidrett søke om utstyrsmidlar. Idrettskretsen har ei rådgjevande rolle overfor idrettslaga som tilbyr allidrett.

Følgande idrettslag har fått støtte til Allidretts-tilbud:

2022:

Allidrett barn: IL Solid, Radøy IL, Austevoll IK, Eikefjord IL, Vestsiden Askøy IL, Sotra Sportsklubb
Allidrett ungdom: IL Vetem, Vestsiden Askøy IL

2023:

Allidrett barn: Gaular IL, Ramsøy IL, Østsiden Askøy IL, Flaktveit IK, Bryggja IL, Flatraket IL, Sotra Sportsklubb, Vestsiden Askøy IL
Allidrett ungdom: Vetem IL
Allidrett paragrauppe: Nore Neset IL

Treningsamling på tvers for ungdom

På Idrettens Møteplass legg idrettskretsen til rette for ei treningsamling for ungdom i alderen 12-19 år, på tvers av idrettar. Søkelyset er på basistrening og å bli kjent på tvers av idrettane. I 2022 deltok 35 unge utøvarar på samlinga på Sandane.

Samarbeidsmøte

Vestland idrettskrets gjennomfører årlege møte med dei største særvidrettane i område Sogn og Fjordane, med føremål om dialog kring tema «halde på fleire lenger» og samordning av terminliste i aldersfastlagde klassar for å unngå kollisjonar på større kretsvis arrangement.


Idrettskretsen skal mellom anna jobbe for at barn og unge møter eit mangfaldig, allsidig og koordinert idrettstilbud i nærmiljøet sitt. Idrettskretsen skal også jobbe for at ungdom kan utvikle seg som trenarar og tillitsvalde i idretten.

Leiarkurs for ungdom

Idrettskretsen gjennomfører årlege leiarkurs for ungdom i alderen 15-19 år. Det har i perioden blitt gjennomført to fullteikna kurs med 20 deltakarar. Kurset har ei oppfølgingssamling 3-4 månader etter del 1. Kurshaldarar for Vestland idrettskrets er Kristiane Utheim Brown, Silje Sekkingstad Hauge (2022) og Eline Marie Nordhus Soltvedt.



Deltakarar på Leiarkurs for ungdom
Jonas Kønig og Ingeborg Wåge Møgster



Idrettskretsen skal jobbe for at fleire kvinner vil vere trenarar, leiarar og tillitsvalde.

Likestilling i idretten

Likestilling i idretten inneber i hovudsak like moglegheiter for kvinner og menn. Om vi ønskjer at idretten skal vere for alle er det viktig å gjere noko med kjønnsbalansen i norsk idrett. Dette gjeld både blant medlemmar, leiarar, trenarar og anna støtteapparat.

Nettverket "Balanse" blei oppretta i 2018. Arbeidsgruppa har i perioden bestått av representantar frå Idrettsklynge Vest, NFF Hordaland, Norges Håndballforbund Region Vest og Vestland idrettskrets. "Balanse" er eit nettverk for å få fleire kvinner i idretten på alle plan - både som trenarar, leiarar og medlemmar. Balanse er viktig i ein kvar funksjon i idretten. Vi har stor tru på at fleire kvinnelege leiarar og trenarar vil vere med å styrke og utvikle idretten. Norges idrettsforbund jobbar for kjønnsbalanse i norsk idrett. Målet er 40% kvinner i leiande posisjonar innan 2023. Idrettsråda i Vestland har per 31.12.22

27,5% kvinner som leiarar. I februar 2023 blei Balansekonferansen igjen gjennomført etter pandemien, med ca 100 deltakarar. I september same år valde gruppa å gjennomføre ein ny konferanse med eit litt meir spissa tema retta mot inkludering av fleirkulturelle jenter. Konferansen blei strøymd direkte og ligg tilgjengeleg for å sjå i etterkant. Konferansen var fullteikna med 70 deltakarar.

RESULTATMÅL

- **Utvikling i medlemsmassen, samansetting og medlemskap:** Sjå statistikkdel. Tala viser auke i medlemmar i året 2021. Årsaka kan være at idretten har starta opp igjen etter koronapandemien.
- **Tal på allidrettstilbod i idrettslaga:** Per 2022 har 129 idrettslag allidrettsgruppe.
- **Tal på kvinnelege leiarar:** Pr. 24.03.23 var det 1 001 idrettslag med registrert leiar og fire utan leiar. Av desse var det 752 menn og 249 kvinner.


Balansekonferansen 2023 "Idrett, mangfold og inkludering"



Mona Ibrahim Ahmed
Minoritetsrådgiver



Zaineb Al-Samarai
President Norges idrettsforbund



Erlend Hanstveit
Statssekretær Kultur- og
likestillingsdepartementet



F.v. Christine O. Ullestad (Askøy Håndballklubb), Zakaria Ali (spelar IL Kvernbit), Stina Ihle Amankwah (Minotenk og Møhlenpris IL), Erlend K. Hanstveit (Kultur- og likestillingsdepartementet), Sandrino Birkeland (Idrettsrådet i Bergen) og Elise Barsnes (NFF Hordaland).

BETRE IDRETTSLAG

Idrettskretsen skal mellom anna tilby klubb utvikling, styre- og økonomikurs og andre kompetanseheevande tiltak og ha dialog med idrettslaga.

Klubb utvikling og dialog med idrettslaga

Idrettskretsen gjennomfører ei rekke kurs og prosessar som har relevans for målet om vel- fungerande og kompetente idrettslag med sunn økonomi og høg trivselsfaktor blant frivillige. Vi gjennomfører kursa både som opne felleskurs og ute i idrettslaga. Gjennom dialog med idrettslaga blir vi betre kjend med deira behov. Vi evaluerer systematisk kursa slik av vi ser kva for kurs idrettslaga opplever som nyttige for dei.

Organisasjonskurs

Døme på desse kursa er KlubbAdmin, økonomi, styrearbeid i praksis, kontrollutval og valkomité. Desse kursa er retta mot tillitsvalde i idrettslaga. Vi held fram med både fysiske og digitale kurs. Evaluering av kursa tyder på at deltakarane opplev kursa som nyttige for arbeidet dei gjer, med ein totalscore på 5.27 (av maksimalt 6) på spørsmål om kor nyttig kurset var totalt sett. Dette er ein auke sidan 2021. Kursa blir evaluert med digitalt spørjeskjema.

Møte, klubbesek og prosessar med idrettslag

Utanom kursa vi arrangerer, reiser idrettskretsen sine klubbettleiarar ut til klubbar i til dømes klubbesek, startmøte og verksemdsplanprosessar. Vi har godt samarbeid med fleire særkretsar og særforbund og følgd opp ei rekke klubbar, både sær idrettslag og fleir idrettslag.

Dagleg leiar-forum

Dei seks siste åra har vi arrangert forum for daglege leiarar og administrativt tilsette i idrettslag. I 2022 var tema for forumet sponing og rekruttering. Arbeidet med å få fleire frivillige og fleire utøvarar tilbake etter pandemien vart diskutert. I 2023 hadde vi eit forum med tema klubb utvikling, arbeidsmiljøloven og tilsette i idretten, NHO idrett og Idrettstinget og eit i Sotra Arena med tema arrangement der vi fekk presentasjon av idrettens reisepartnarar og diskuterte berekraft i idrett.

Delmål 1

Velfungerande og kompetente idrettslag med sunn økonomi

Delmål 2

Høg trivselsfaktor blant frivillige



Kurslærarar/retteleiarar

For å nå breitt ut til idrettslaga i heile fylket har idrettskretsen kurslærarar og retteleiarar som bidreg frå ulike stader i fylket. Kurslærarar var Eli Orre, Kari Amble og Kristiane Utheim Brown. Kurslærarane og retteleiarane samlast årleg til erfaringsutveksling og kompetanseheving. I 2022 vart det arrangert ei nasjonal samling for kurslærar i paraidrett og barneidrett i Oslo. Rådgevar paraidrett i Vestland idrettskrets var med å arrangere og planleggje samlinga der fire kurslærarar frå Vestland deltok samt barneidretts- og paraidrettsansvarleg i Vestland idrettskrets.

Brukarundersøking

I august 2022 gjennomførte vi ei brukarundersøking blant organisasjonsledda i idrettskretsen. Der ville vi finne ut korleis organisasjonsledda opplev kontakten med idrettskretsen, korleis dei opplev informasjonen/kommunikasjonen med idrettskretsen og kva tiltak dei har vore med på og er interessert i framover. Undersøkinga blei sendt ut til idrettslag, idrettsråd og særkrets/region i 2022 og berre idrettslag i 2023. Sjå resultatmål s. 30.

Arrangement NM-veka

Under NM-veka 2022 vart det halde tre arrangement med fokus på dopingførebyggjande arbeid, grøne idrettsarrangement og ulike perspektiv på ferdigheitsutvikling. Alle med god tilslutnad og interessante innlegg.

Idrettskretsen skal bidra til å sikre trygge sosiale rammer i idretten.

Trygg på trening

«Trygg på trening» er eitt av tiltaka idrettskretsen gjennomfører for å sikre trygge sosiale rammer i idretten. Trygg på trening handlar om arbeidet mot seksuell trakassering og overgrep.

Trygg på trening skjer i samarbeid med Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane. Vi var første idrettskrets som signerte formelle samarbeidsavtaler med Nok.-sentera, og har signert nye årlege avtaler kvart år. Det har i 2022 og 2023 vore foredrag i 42 klubbar, foredrag for studentar på Høgskulen på Vestlandet i Bachelor idrettutdanninga og i tillegg møter med ei rekke klubbar.

MittVarsel

MittVarsel var nytt i 2022 og er ein gratis, digital varslingskanal for idrettslag og idrettsråd. Dette er eit viktig verktøy for å få inn og å handtere varslar på ein ryddig måte.

#Stopp

Norges idrettsforbund har i perioden arbeidd med saker som rasisme, homohets, kjønnsnshets og andre former for diskriminering. Det er utarbeidd rettleiarar om rasisme, vald og trugsmål, samt seksuell trakassering og overgrep. Norsk idrett har nulltoleranse for alle former for trakassering og diskriminering. I slike landsomfattande tiltak bidreg idrettskretsen med informasjon ut til våre organisasjonsledd, samt handtering av saker som vert meldt til oss.

RESULTATMÅL

- **Korleis idrettslag, idrettsråd og særkretsar opplever samarbeidet med idrettskretsen:** Organisasjonsledda som har vore med i brukundersøkinga er stort sett fornøgd med idrettskretsen.
- **Tal på idrettslag med godkjent medlems-system:** 791 idrettslag er registrert som brukarar av idrettens medlemssystem KlubbAdmin og Idrettens medlemssystem. 208 idrettslag nyttar eit eksternt system og 12 idrettslag har ikkje registrert noko system.
- **Tal på ungdommar under 26 år med styreverv i idrettslag, samt andel idrettslag utan styremedlem under 26 år:** Det er 44 idrettslag som har leiar under 26 år. Totalt er det 442 personar med styreverv under 26 år fordelt på 275 idrettslag.
- **Medlemskapstal:** Sjå statistikk.
- **Talet på tiltak retta mot ungdom:** 2 Leiar-kurs for ungdom. Møteplass Framtidas

idrettsleiarar i samband med Idrettstinget i 2023. Ei rekkje ungdom deltek på Barneidrettstrenarkurs for å få grunnleggande kompetanse som trenarar.

Talet på kompetansehelevande tiltak

Ein del av kursa/tiltaka vart gjennomført digitalt.

Trenarkurs	2022	2023
Aktivitetsleiar-kurs for ungdom	1	1
Barneidrettstrenaren	12	11
Temakveld barneidrett	8	3
Tilrettelegging paraiddrett	3	4
Trenarkurs e-sport		1
Organisasjonskurs		
Dagleg leiar samling	1	2
KlubbAdmin	26	24
Klubbens styrearbeid i praksis	10	7
Kontrollutval	2	2
Leiar-kurs for ungdom	1	1
Valkomitékurs	2	2
Økonomikurs	3	2
Årsmøtegjennomføring	1	
Prosessar og klubbtiltak		
Klubbtiltak		6
Start- og oppfølgingsmøte	2	5
Trygg på trening	19	23
Verksemdsplanprosess	1	
Idrettsrådstiltak		
Anleggskurs idrettsråd	4	2
Idrettens time i kommunestyret, idrettsråd		2
Idrettsrådets rolle og ansvar	2	2
Idrettsrådsbesøk	66	54
Samling idrettsråd, regionvis		2
Temakveld idrettsråd, anlegg		7
Temakveld idrettsråd, inkludering og paraiddrett		8
Andre tiltak		
Dialogmøte idrettsråd og særkretsar	2	2
Fagdag idrett	2	4
Rettleiarsamling	1	
Totalt	169	177

Fig 11 viser talet på kompetansehelevande tiltak

Delmål 3

Gode rammevilkår i idrettslaga



Idrettskretsen skal bidra til at idrettslaga har nødvendig kunnskap for å sikre god økonomistyring.

Vestland idrettskrets har i 2022 og 2023 ført rekneskap for to idrettskretsar, eitt særforbund, ni særkretsar og ni idrettslag. Totalt er det ført rekneskap for 21 einingar, samt lønn og konsulentbistand til to einingar. Idrettskretsen tilbyr økonomikurs for idrettslaga, samt råd og rettleiing i saker som vert meldt til oss gjennom idrettslaga.

Økonomikursa kretsen held er oppdaterte i tråd med gjeldande lovar og vi har hatt kurs for kontrollutval for å bidra til at idrettslaga har nødvendig kunnskap for å sikre god økonomistyring.

Idrettskretsen skal jobbe med politisk påverknad for å styrke rammevilkåra for organisasjonsledda og jobbe for at idrettslaga skal få auka tilskot.

Idrettskretsen har arbeidd med politisk påverknad på fleire nivå, og har i perioden hatt kontakt og møte med fleire politikarar på ulike forvaltningsnivå. Kretsstyret har vald å prioritere møte med politiske parti på ein jamn basis gjennom året framfor å gjennomføre spesielle tiltak som paneldebattar der ein samlar politikarar frå ulike parti i same arrangement. Det har vore gjennomført både fysiske møte, digitale møte og kontakt via e-post og telefon.

Idrettskretsen har gjennom perioden hatt tett dialog med hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune. Idrettskretsen set stor pris på at politikarar har tatt kontakt i perioden for å diskutere ulike problemstillingar med relevans for idretten, og ikkje minst korleis rammevilkåra for idrett kan styrkast i Vestland.

I den politiske dialogen har idrettskretsen lagt særleg vekt på utfordringar som finansiering og drift av idrettsanlegg, arbeid med å lovheimle

momskompensasjonsordningane, økonomi som barriere og tiltak for å styrke frivilligheita.

Møte med politikarar:

2022

Møte med Åslaug Sem-Jacobsen og Margrethe Haarr, Sp, medlem i Stortingets Familie- og kulturkomite, 20. januar

Møte med Åse Kristin Ask Bakke, Ap, medlem i Familie- og kulturkomiteen på Stortinget og Stian Jean Opedal Davies, Ap, utvalsleiar kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune, 26. januar

Møte med idrettspolitisk talsperson Høgre, Turid Kristensen, 14. februar

Møte med stortingsrepresentantane for Høgre, Turid Kristensen og Tage Pettersen, 5. mai

Møte med idrettsbyråd i Bergen kommune Linn Katrin Pilskog, Ap, Idrettsrådet i Bergen og Norges idrettsforbund, 6. mai

Innspelsmøte med Arbeiderpartiet i Bergen sin programkomité, 30. mai

2023

Idrettspolitisk dag, Bergen 23. februar

Idrettspresident Berit Kjøll sto i spissen for ein delegasjon frå idrettsforbundet under eit besøk i Bergen i februar. Første stopp var det nye Vestlandshuset og møte med Vestland fylkeskommune. Fylkesordfører Jon Askeland, Sp og utvalsleiar kultur, idrett og inkludering Stian Jean Opedal Davies, Ap, deltok frå fylkeskommunen. Tema som blei tatt opp var økonomiske barrierar for idrettsdeltaking, anlegg, aktivitet og frivilligheit. Korleis kan idretten spele ei endå sterkare rolle i barn og unge sin oppvekst? Korleis kan det offentlege og frivilligheita spele saman for å styrke denne viktige oppgåva?



F.v. Stian Jean Opedal Davies, Nils R. Sandal, Berit Kjøll og Jon Askeland

Deretter gjekk turen til Slettebakken. Etter ein visitt i Bergenshallen, Gimlehallen, Bergen Tennis Arena og Bergens Turnforening sin hall, blei det ein diskusjon rundt bordet med erfaringsutveksling og nyttige innspel. Kvar trykker skoen i idrettslagskvardagen? Kva for tema bør idrettsorganisasjonen betone sterkare på den politiske arenaen for å lette kvardagen for idrettslaga? Representantar frå Gimle Basketballklubb, Bergen Kunstløpklubb, Bergens Turnforening, SK Trane, Idrettsrådet i Bergen, Vestland idrettskrets og Norges idrettsforbund deltok.

Idrettspolitisk dag i Sunnfjord kommune og Kinn kommune, 3. mai.

Idrettspresident Berit Kjøll og leiar i Vestland idrettskrets Nils R. Sandal besøkte Førde i Sunnfjord kommune og Eikefjord i Kinn kommune i mai. Begge stader var det møte med noverande representantar og mogelege framtidige kandidatar til både kommunestyre og fylkesting. I Førde deltok ordførar Jenny Følling, Sp, og varaordførar Anne Lilleaasen, H, saman med representantar for Sunnfjord Idrettsråd, Førde Idrettslag og VM i vektløfting 2025. I Eikefjord deltok representantar for dei fleste politiske partia i kommunen samt representantar frå Eikefjord Idrettslag og Kinn Idrettsråd. Kva treng idrettslaget hjelp til? Korleis kan det offentlege og frivilligheita samhandle best mogeleg?



Dagen blei avslutta med møte med representantar frå fylkespartia til Senterpartiet, Framskrittspartiet og Høgre. Også i desse møta sto problemstillingar som investering og drift av idrettsanlegg, økonomiske barrierar og stimulering av frivilligheita sentralt. Paraidrett og samarbeid idrett og skule blei også løfta fram i desse møta.

Besøk av idrettspresident og kulturminister Bergen 6. september

Idrettspresident Zaine Al-Samarai deltok på møte i Vestlandshuset saman med fylkesvaraordførar Natalia A. Golis, MDG, leiar for hovudutval for kultur, idrett og inkludering i fylkeskommunen Stian Davies, styreleiar Nils R. Sandal og nestleiar Tone Stavland i Vestland idrettskrets samt representantar frå administrasjonen i fylkeskommunen og idrettskretsen. I møtet blei blant anna arbeid for å redusere etterslepet på spelemidlane til idrettsanlegg, arbeid for å styrke frivilligheita, aktivitetsutvikling og økonomiske barrierar diskutert.



Idrettsrådet i Bergen inviterte deretter dette følget saman med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og statssekretær Erlend Hanstveit til Slettebakken for å høyre om det gode arbeidet som idrettslaga i dette området gjer. Sandrino Birkeland frå idrettsrådet og SK Trane sin leiar, Arild Hovland, presenterte LIM-arbeidet (Lekser Idrett Mat). Dei besøkande fekk oppleve barn i full aktivitet i taekwondo, dans og fotball.



Norges idrettsforbund i møte med finansminister, Oslo 25. september

Frå idretten deltok idrettspresident Zaineb Al-Samarai, kretsleiar Nils R. Sandal i Vestland idrettskrets, generalsekretær Nils Einar Aas og leiar for Samfunnskontakt og idrettspolitik, Frida Blomgren, begge frå Norges idrettsforbund.

På agendaen sto blant anna momskompensasjon. I møtet med finansminister Trygve Slagsvold Vedum, Sp, understreka kretsleiar Nils R. Sandal at spelemiddelordninga er god og viktig, men at ho må styrkast slik at fleire anlegg kan realiserast. Regjeringa bør etablere ei statleg mellomfinansieringsordning for å gjere kvardagen til idrettslaga meir føreseieleg og unngå dyre finansieringskostnader i påvente av utbetaling av spelemidlar. For å redusere idrettslaga sine finansieringskostnader er det avgjerande at spelemidlane blir utbetalt raskare.



Foto: Norges idrettsforbund.

Fra venstre: Trygve Slagsvold Vedum, Zaineb Al-Samarai, Nils R. Sandal, Knut Olsen og Nils Einar Aas.

Andre møte med politikarar:

Møte med programkomiteen Vestland Arbeiderparti, 25. januar

Møte med representantar frå Fremskrittspartiet frå Stortinget, Vestland FrP og Bergen FrP, Idrettens Hus Bergen 26. januar

Årsmøte Vestland Senterparti, Bergen 3.-4. mars

Møte med Høgre, Stortinget 6. mars

Møte med stortingsrepresentant Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Bergen 6. september

Koronamidlar

Idrettslaga i Vestland fekk i 2022 utbetalt 9,6 mill i tilskot som følgje av Covid-19.

Straumstøtte

Idrettslaga i Vestland fekk utbetalt 6,7 mill i straumstøtte for 2022 og 1,7 mill i straumstøtte for 2023.

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Målsettinga med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom. Det er laga sin primæraktivitet som skal støttast og ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga. Idrettsrådet i den enkelte kommune fordeler midlane ut frå vedtekne kriterium.




Fig 12. viser utvikling lokale aktivitetsmidlar 2019-2022

År	Beløp Vestland
2019	45 52 386
2020	45 295 947
2021	50 996 463
2022	51 911 489
2023	53 993 365

Fig 13 viser LAM beløp i Vestland



Foto Tove Lise Mossestad

NM-Veka 2022 i Åsane Arena

Momskompensasjon varer og tenester




Fig 14 viser utvikling momskompensasjon varer og tenester 2019 - 2023



NM-veka 2022 i Åsane Arena

Talet på idrettslag som har søkt om momskompensasjon for varer og tenester var stabilt fram til 2020 då det var færre idrettslag som søkte. I 2022 auka søkartalet igjen noko og auken heldt fram i 2023, men det er framleis eit potensial for at fleire idrettslag søkjer på denne ordninga.

År	Beløp	Tal på IL søkt	Prosent av alle IL
2019	53 077 797	650	64%
2020	52 687 663	604	60%
2021	52 086 350	603	60%
2022	62 389 378	632	62%
2023	79 404 868	648	64%

Fig 15 viser momskompensasjon varer og tenester

Grasrotandel

Norsk Tipping genererte 771 millionar kroner i grasrotmidlar i 2022 og 794 millionar i 2023.

År	Norge	Idrettslag i Vestland
2021	737 mill	41 738 566
2022	771 mill	43 864 336
2023	794 mill	45 737 278

Fig 16 viser Grasrotandel

Momskompensasjon idrettsanlegg

Idrettslag som bygger eigne idrettsanlegg kan søkje om å få kompensert betalt meirverdiavgift. Ordninga omfattar anlegg som har hatt byggestart etter 01.01.2010 og som er omfatta av spelemiddelordninga.




Fig 17 viser momskompensasjon vidrettsanlegg 2019-2023

Utviklinga i momskompensasjonsordninga for idrettsanlegg for idrettslaga i Vestland har vore slik:

År	Tal søknadar	Beløp
2019	81	49 294 235
2020	62	34 891 917
2021	63	30 633 540
2022	52	132 978 069
2023	66	45 441 148

Fig 18 viser momskompensasjon idrettsanlegg



NM-Veka 2022 i Åsane Arena

Ekstraløyving frå Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune gjorde i 2022 vedtak om å løyve totalt 5 millionar kroner til idretten i Vestland for å styrke arbeidet med å gjenopprette aktivitet i den organiserte idretten etter koronapandemien. Fylkeskommunen ynskte å løfte den organiserte idretten og den daglege aktiviteten i idrettslaga lokalt. Fylkeskommunen vedtok to overordna målsetnader:

- Styrke idrettslaga si rolle og funksjon i lokalsamfunnet.
- Stimulere frivilligheita og aktivitetstilboda i idrettslaga i heile fylket.

Ordninga var søknadsbasert med to fristar, ein i 2022 og ein i 2023. Over 220 søknadar kom inn i første runde og kring 130 søknadar i andre runde. Dei aller fleste stetta kriteria og fekk tildelt midlar til tiltak innanfor dei nemnte målsetnadane. Vestland idrettskrets hadde jobben med å marknadsføre ordninga, opprette søknadsskjema og handsame søknadar og rapportar.

Særidrettstilskot

I 2022 tildelte Vestland idrettskrets 1 785 000 til særiddrettane i Vestland. 1 685 000 til særiddrettar med regionalt ledd og 100 000 til idrettar utan regionalt ledd. I 2023 tildelte Vestland idrettskrets 1 855 000 til særiddrettane i Vestland. 1 725 000 til særiddrettar med regionalt ledd og 130 000 til idrettar utan regionalt ledd.

Midlar til idrettslag for å inkludere barn og ungdom

Norges idrettsforbund mottok 125 millionar kroner til inkludering av barn og ungdom mellom 6-19 år frå Kulturdepartementet i juni 2023. Formålet var å gje alle barn og ungdom like moglegheiter til å delta i den organiserte idretten, uavhengig av kven dei er, kvar dei bur og kva foreldra tener.

10 300 629 kr av dette beløpet vart fordelt til idrettslag i Vestland. Samla vart 9 171 681 kr fordelt til idrettslag i dei 12 kommunane i Vestland med flest barn i familiar med vedvarande lavinntekt. Idrettsråda i dei aktuelle kommunane vedtok kriterium for fordelinga av midlane i eiga kommune. 1 128 948 kr blei fordelt til idrettslag i de resterande kommunane i Vestland. Vestland idrettskrets vedtok kriterium for fordelinga i desse kommunane.

RESULTATMÅL

Brukarundersøking:

I brukarundersøkinga 2022 fekk vi inn svar frå 166 idrettslag, 11 idrettsråd og 17 særkretsar/regionar. Sjølv om vi kunne ønska oss fleire svar gav det oss nokre svar som vi har jobba vidare med. Undersøkingane syner at organisasjonsledda stort sett er veldig fornøgd med hjelpa dei får når dei er i kontakt med oss. Undersøkinga gav oss blant anna eit grunnlag for å tilby forskjellige typar tiltak/kurs til organisasjonsledda utifrå dei innrapporterte behova.

Brukarundersøkinga 2023 blei sendt ut til idrettslaga 07.12.23 og vi har motteke 161 svar. Undersøkinga for 2023 er ikkje ferdig analysert, men trekka er dei same som for undersøkinga 2022.

Utvikling i tilskot til idrettslaga:

Sjå figur 13-19 side 22 og 23.

- Gjennomførte møte med politikarar og andre med myndigheit til å gjere vedtak.



Foto: Knut Songve

Frå venstre: Knut Berge, dagleg leiar NFF Hordaland, Turid Kristensen, idrettspolitisk talsperson Høgre, Tage Pettersen, stortingsrepresentant frå Høgre og Nils R. Sandal, styreleiar i Vestland idrettskrets (2022)



Foto: Knut Songve

Frå venstre: Stian Jean Opedal, leiar hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune, Åse Kristin Ask Bakke, Ap, medlem i Familie og kulturkomiteen på Stortinget og styreleiar Nils R. Sandal, Vestland idrettskrets

FLEIRE OG BETRE IDRETTS-ANLEGG

For å nå målet skal idrettskretsen mellom anna bidra til å utarbeide gode behovsanalysar lokalt av anleggsbehov og vere ei støtte for idrettsråd, særkretsar og idrettslag i interne prosessar knytt til anlegg. Idrettskretsen skal ha god kontakt med politikarar og offentleg administrasjon.

Etter at Vestland idrettskrets oppretta ei stilling knytt til rådgjeving på anlegg har førespurnadane frå organisasjonsledda med anleggsfaglege spørsmål auka etter kvart som denne fagressursen har blitt betre kjend.

Som ein del av vedteken anleggsstrategi i Norges idrettsforbund "Idretten skal -fleire og betre anlegg 2019-2023" har Vestland idrettskrets spelt inn anlegg til anleggspolitisk program i to rundar. I desse innspelsrundane har idrettsråd og særkretsar/regionar blitt invitert til å melde inn anlegg til programmet. I forslaget til anleggspolitisk program er det tre hovudkategoriar:

- Større trenings- og rekrutteringsanlegg
- Strategisk viktige anlegg for særforbund og idrettskretsar
- Etablering eller oppgradering av meisterskapsanlegg

Basert på innspel frå organisasjonsledda i fylket har Vestland idrettskrets gjeve sine innspel vidare der endeleg prioritering vart gjort av idrettsstyret. Dessverre har det ikkje blitt politisk gjennomslag for tildeling av midlar til anleggspolitisk program i anleggsstrategien sin vedtekne tidsperiode fram til 2023. Det idrettspolitiske arbeidet med mål om å få etablert ei ordning med ekstra støtte til strategisk viktige anlegg held fram etter at ny langtidsplan blei vedteken på idrettstinget 2023.

Idrettskretsen har vore representert i mange av idrettsråda sine årsmøte eller andre møte der anleggsspørsmål ofte har vore tema. VIK har

Delmål 1

Ha fleire og betre idrettsanlegg



bidrege med faglege råd og delteke på synfaringar og møte saman med idrettsråd og særkretsar/regionar i anleggssaker lokalt i kommunane der det er meldt inn behov.

Idrettskretsen samhandlar med Vestland fylkeskommune i arbeidet med anlegg. Det skjer gjennom bidrag i ulike møte, konferansar, webinar, dialogkonferansar med kommunane og i møte med kommunane med tema som til dømes revisjon av kommunalplan for idrett og friluftsliv og konkrete anleggsprosjekt.

Vestland fylkeskommune har over fleire år gjennomført prosjekt knytt til nyskapande aktivitetssanlegg. Der kan kommunar som har prosjekt søkje om å få bli med utifrå kriterium sett av fylkeskommunen. Kva type prosjekt det kan søkjast på varierer litt frå år til år og dei som blir valt ut får arkitekt hjelp og hjelp til behovsvurdering. Styringsgruppa er samansett av representantar frå idrettskretsen, Tverga, Kommunesektorens organisasjon, Lokale anlægsfonden i Danmark i tillegg til fylkeskommunen sine representantar.

I 2022 hadde prosjektet idrettshallar som målgruppe. Her vart det valt ut prosjekt i Samnanger, Sveio, Sogndal og Bergen. For 2023 vart ordninga vidareført og prosjekt i Etne, Gloppen, Luster og Øygarden vart valde ut til å delta.

I 2021 inngjekk Vestland fylkeskommune og Vestland idrettskrets ein 4-årig samarbeidssavtale knytt til berekraftige idrettsanlegg. Hovudmåla i avtalen er å få eit sterkare fokus på berekraft i planlegging, bygging og drift av idrettsanlegg. Det er også eit mål å bidra til at idretten får auka kompetanse innan området samt å knytte til seg kompetanse frå forskings- og utviklingsmiljø knytt til anleggsspørsmål. Ein del av avtalen har fokus på eit samarbeid knytt til prosess ved rullering av kommunale planar for idrett og friluftsliv i kommunane. Intensjonen i avtalen er at fylkeskommune og idrettskrets saman reiser ut i kommunane ved hovudrullering og bidreg etter behov både overfor idretten og kommuneadministrasjon i samband med rullering av plan.

Idrettskretsen skal skape gode møteplassar med anleggsfaglege tema, og bidra til at idretten tek eit miljøansvar ved planlegging, bygging og drift av idrettsanlegg. Idrettskretsen skal ha ei koordinerende rolle overfor særkretsar og regionar.

Idrettskretsen har vore på ulike anleggsbesøk saman med idrettsråd, særkretsar og kommunar, og delteke aktivt på samlingar for kommunane og fylkeskommunen med anleggstema. I samband med idrettspolitisk møte med særkretsar og regionar og dei årlege dialogmøta har det vore presentert anleggsfagleg innhald og halde ein god dialog med organisasjonsledda med innspel og utveksling av aktuelle saker og tema. VIK har saman med fylkeskommunen arrangert digital anleggskonferanse og ulike webinar med anleggsfagleg tema saman med fylkeskommunen.

Idrettskretsen skal jobbe for auka finansiering/større del av spelemidlane

Oppnådd prosentandel spelemidlar varierer mellom dei ulike anleggstypene. Grunnen til dette er at makssatsen for tilskot for anleggstypen ikkje alltid harmonerer med den reelle byggjekostnaden for enkelte anleggstypar. Det medfører at ein oppnår ein lågare prosentandel spelemidlar. Ved årleg revisjon av spelemiddelsatsane blir det for nokre anleggstypar som kjem spesielt dårleg ut gjort ei auke i satsane. Likevel er dei fleste anleggstypene eit godt stykke i frå å oppnå den

prosentvise tildeling av spelemidlar om ligg i retningslinjene for spelemiddelordninga. Siste året har kostnadane knytt til bygging auka, noko som dessverre ikkje alltid vert spegla att i spelemiddelsatsane. Vestland fylke er framleis blant dei fylka som har lengst ventetid på utbetaling av spelemidlar, sjølv om det var vore ein liten reduksjon i ventetida dei siste åra.

Idrettskretsen har ein god dialog med fylkeskommunen i anleggssaker og saker knytt til spelemidlar og tildeling av midlar. Samla tildelte fylkeskommunen spelemidlar til alle typar anlegg i Vestland med kr 236 mill i 2022 og 256 mill i 2023 som viser ei jamn auke frå kr 209 mill i 2021. Tildeling for søknader i 2023 vert gjort våren 2024.

Det har vore gjennomført eit omfattande idrettspolitisk arbeid av idrettskretsen for å få lovheimla momskompensasjon for anlegg samt å få bort etterslepet på spelemidlar. Målet har vore å få etablert ei statleg mellomfinansiering som kan fjerne belastninga det lange etterslepet gjev i form av forskottering av spelemidlar over fleire år for idrettslag og kommunar. Det idrettspolitiske arbeidet har vore retta mot NIF, fylkespolitikarar, stortingspolitikarar og regjeringsmedlemmar. Spelemiddelordninga er til revisjon og det skal gjerast endringar for å gjere den betre, og ny ordning vert innført i 2026. I samband med oppstart av dette arbeidet gjennomførte kulturdepartementet innspelsmøte i alle fylke. Vestland idrettskrets fekk legge fram sine innspel til ordninga og det vil bli høyringsrundar der idrettskretsane vil bli høyrde og kan gje innspel når konkrete forslag til endringar er klar.

Fylkesvis utvikling spelemidlar-Ordinære anlegg*									
	Søknadsbeløp			Tildelte spelemidlar			Ventetid		
	2020	2021	2022	2020	2021	2022	2020	2021	2022
Agder	339 727 000	332 554 000	306 872 000	87 915 000	91 034 000	106 610 000	2,86 år	2,65 år	1,88 år
Innlandet	430 977 000	426 937 000	402 509 000	101 326 000	101 270 000	114 066 000	3,25 år	3,22 år	2,53 år
Møre og Romsdal	381 649 000	354 537 000	348 893 978	81 524 000	82 791 000	98 461 000	3,68 år	3,28 år	2,54 år
Nordland	365 582 000	420 471 000	349 251 549	80 390 000	88 379 000	97 425 111	3,55 år	3,76 år	2,58 år
Oslo	188 169 000	178 870 000	101 558 000	153 203 000	162 811 000	101 558 000	0,23 år	0,10 år	0,00 år
Rogaland	629 998 000	590 146 000	588 458 000	141 717 000	145 694 000	170 428 000	3,45 år	3,05 år	2,45 år
Troms og Finnmark	311 336 000	312 084 000	325 167 000	75 811 000	79 902 000	97 473 000	3,11 år	2,91 år	2,34 år
Trøndelag	747 244 315	700 402 500	715 860 100	159 962 000	150 241 000	179 682 000	3,67 år	3,66 år	2,98 år
Vestfold og Telemark	306 082 000	347 926 000	313 982 000	100 398 000	112 062 000	122 347 000	2,05 år	2,10 år	1,57 år
Vestland	905 460 000	904 729 000	877 134 000	178 559 000	193 540 000	214 999 000	4,07 år	3,67 år	3,08 år
Viken	1 101 246 000	1 206 406 000	1 023 868 000	246 355 000	325 212 000	300 294 000	3,47 år	2,71 år	2,41 år
Total	5 707 470 315	5 775 062 500	5 353 553 627	1 407 160 000	1 532 936 000	1 603 343 111	3,06 år	2,77 år	2,34 år
*Nærmiljøanlegg er ikkje med i oversikta									

Fig 19

Kartlegge og følge opp behova for interkommunale og strategisk viktige anlegg

I spelemiddelordninga er det i dag slik at ein får 30% ekstra spelemidlar til interkommunale anlegg der to eller fleire kommunar går saman om å byggje større og kostnadskrevjande anlegg. Denne ordninga er relativt lite nytta i Vestland. Vi har lagt vekt på å informere om denne ordninga i det oppsøkjande arbeidet vi har på anleggsområdet knytt til idrettsråda, anleggskurs og ved rullering av kommunale planar. Det har også vore gjennomført kartlegging knytt til strategisk viktige anlegg i idretten. Anleggsbehov ein ville kartlegge var delt i tre hovudkategoriar: Meisterskapsanlegg, regionanlegg og soneanlegg. Dei to første kategoriane er knytt til anlegg det er behov for, for å få større nasjonale og internasjonale idrettsarrangement og meisterskap til Vestland. Målet med kartlegginga var å få oversikt over behova og nytte desse i det idrettspolitiske arbeidet. Vestland fylkeskommune gjennomførte ei liknande kartlegging ut mot kommunane. Kartlegging av behova for desse anleggstypane må gjerast regelmessig for å fange opp behova som kan endre seg over tid. Om ein lukkast med dette arbeidet kan ein forhåpentlegvis få bygd fleire anlegg i desse kategoriane i Vestland i åra som kjem. Målet er at desse anlegga skal få ei tilleggsfinansiering utover ordinære spelemidlar.

RESULTATMÅL

- **Type og tal på anlegg, dekningsgrad:** Det er utarbeidd statistisk materiale på anleggsdekning i forhold til innbyggjartal i kvart fylke. I eit stort fylke som Vestland vil det naturlegvis vere variasjon innan fylket når ein bryt tala ned på kommunenivå. Dette saman med utbreiing av dei ulike idrettane vil vere viktig i det anleggspolitiske arbeidet vidare.
- **Gjennomført kartlegging av strategisk viktige anlegg.**
- **Gjennomført ulike kompetansetiltak med fokus på planlegging, bygging og drift av anlegg og val av miljøvenlege løysingar.** Det er gjennomført anleggskurs i Gulen/Masfjorden, Vaksdal, Øygarden, Alver og Årdal. I tillegg kjem rådgjeving og kompetanseoverføring på andre møteplassar som til dømes dialogmøte, idrettspolitiske møte og møte og samlingar med idrettsråd.



Opning av basishallen i Stryn.

Delmål 2

Sikre tydeleg
samanheng mellom
behov og anleggsbygging



Idrettskretsen skal mellom anna hjelpe og rådgje idrettsråd i høve planprosessar i kommunen, og styrke anleggskompetansen i idrettsråda.

Revisjonsmøte kommunale planar for idrett

I samarbeidsavtalen med Vestland fylkeskommune knytt til berekraftige idrettsanlegg ligg det inne at Vestland idrettskrets skal delta i prosessane saman med fylkeskommunen i enkeltkommunar i samband med hovudrulling av kommunal plan for idrett og friluftsliv. I 2022 kom denne typen prosessar tilbake etter opphald i tida ein hadde med covid då ein ikkje reiste ut. Desse hovudrullingane er kvart 4. år og det varierer kor mange som er på sin fireårssyklus frå år til år. Det er også ein viss variasjon mellom kommunane når det gjeld hovudrulling av kommuneplan. To kommunar har hatt hovudrulling i 2022 og anleggsrådgevar har vore aktivt ute i desse kommunane på administrative møte med kommuneleiinga, folkemøte og innspelsmøte for organisasjonar og innbyggjarar generelt i den enkelte kommunen, saman med fylkeskommunen.

Fagtema på møte i idrettsråda

I samband med årsmøte i idrettsråda og idrettsrådssamlingar er det ofte ønskje om faglege innlegg knytt til anleggsfaglege tema. Administrasjonen har bidrege med dette i fleire idrettsråd der ein også har fått vist fram dei nye analyseverktøya vi har fått for å mellom anna synleggjere anleggsdekninga innan ulike idrettar knytt til innbyggjartal eller medlemstal i idretten i kommunen. Med desse verktøya kan ein også samanlikne anleggstypar mellom kommunar, noko som er eit godt verktøy når idretten skal synleggjere sine anleggsbehov inn mot kommunen, spesielt knytt til planarbeid.

Anleggskurs

Administrasjonen har utvikla eit anleggskurs basert på mal utarbeidd av fagteam på idrettsanlegg i NIF. Desse kursa har vore gjennomført som fysiske totimarskurs i fleire idrettsråd, ofte med god representasjon frå fleire idrettslag i den enkelte kommunen. Hovudtema i kurset er spelemiddelordninga både knytt til regelverk, rettar og plikter. Tilbakemeldingane ein får frå idrettsråda og idrettslaga som har gjennomført, er at dette er kompetanse dei treng og at innhaldet er med på å styrke kunnskapen knytt til det anleggspolitiske arbeidet i idrettsråda og idrettslaga.

Idrettskretsen skal utarbeide oversikt over anleggsdekning og framtidige behov.

Norges idrettsforbund har utvikla eit analyseverktøy knytt til anlegg, kommune og spelemidler. Dette verktøyet er under stadig utvikling og hentar informasjon frå ulike offentlege databasar som så blir generert til ulike rapportar etter behov og ynskje. Med dette verktøyet har ein svært gode moglegheiter for å få ut gode data på anleggsdekning på relativt detaljert nivå, noko som er viktig å ha i ei tid der dette med behovsvurdering får stadig sterkare fokus mellom anna ved prioritering av spelemidler. Ei utfordring er at datagrunnlaget som vert henta frå anleggsregisteret til kulturdepartementet framleis inneheld ein del feil. Dette er ei viktig datakjelde og det er kommunane som skal syte for at data er rette i dette registeret. Her kan idretten også bidra til å få retta feil dei måtte finne, og gjennom anleggskurs har ein avdekket feilregistrerte anlegg som i ettertid er blitt retta opp av kommunen. Feilregistreringar her påverkar spelemiddelordninga direkte då anleggsdekning er eit av kriteria som blir vektlagt ved tildeling av spelemidler til fylka.

Norges idrettsforbund hadde i sin strategi 2019-2023 vedteke at ein skal utarbeide plan for strategisk viktige anlegg og mål om eit anleggspolitisk program med ekstra spelemidler til slike anlegg. Det har vore gjennomført to sentrale innspelsrundar retta mot særforbund og idrettskretsar som Vestland idrettskrets har bidrege i og vidareformidla til NIF som innspel. Desverre har ein ikkje nådd fram idrettspolitisk med løyvingar til dette tiltaket i spelemiddelordninga.

Vestland idrettskrets har starta prosess saman med fylkeskommunen for å kartlegge strategisk viktige anlegg i Vestland med mål om å få ei

oversikt over anleggsbehova knytt til større arrangement og soneanlegg som kan dekke fleire kommunar gjennom interkommunalt samarbeid. Dette arbeidet vil halde fram og målet er ei prioritert liste over desse anlegga basert på innspel frå særiddrettar, idrettsråd og kommunar.

RESULTATMÅL

- **Deltaking i prosessar knytt til rullering av kommunale planar for idretts- og friluftslivs-anlegg:** Vestland idrettskrets har delteke på prosessar knytt til rullering av kommunal plan for idrett og friluftsliv i Kinn, Årdal og Bergen kommunar. VIK bidreg med datamateriale for idrettslag og idrettsråd som har behov i samband med rullering av kommunale planar eller i samband med anna idrettspolitisk arbeid.



Foto: Knut Songve

Opning av Ortun symjeanlegg i Bergen

Delmål 3

Jobbe for gratis bruk for barn og unge



Idrettskretsen skal kartlegge anleggsdekning, anleggsbehov og status på brukarbetaling ved bruk av idrettsanlegg.

Gjennom analyseverktøy som mellom anna hentar innrapporterte tal frå kommunane i Kostra kan ein få ut oversikt over kva kommunar som har gratis bruk av anlegg for barn og unge. Siste tida har det generelt vore relativt stor auke i driftskostnadane for mange anleggstypar, noko som har gjeve både anleggseigarar og idrettslag ekstra utfordringar. Med hjelp av gode analyseverktøy vil idrettskretsen i sterkare grad enn før kunne hjelpe idretten lokalt med data og samanlikningstal knytt til brukarbetaling på kommunale idrettsanlegg.

RESULTATMÅL

- **Status kommunar med gratis bruk av anlegg for barn og unge:** Det er framleis stor variasjon i kostnadane knytt til bruk av kommunale anlegg mellom kommunar. I enkelte kommunar har idrettsråda gjennom godt arbeid fått redusert brukarbetalinga for idretten, medan ein i mange kommunar framleis har utfordringar med relativt høge kostnader knytt til bruk av kommunale og fylkeskommunale anlegg. Vestland fylkeskommune køyrde i 2023 ein pilot på Voss der ein prøvde ut ei ordning med gratis bruk av fylkeskommunale idrettsanlegg for idretten. I etterkant av dette vedtok Voss herad å innføre det same for sine anlegg med verknad frå 2024.

NM-veka vinter 2022

Vestland idrettskrets sto som arrangør av den første NM-veka vinter i 2022. Konseptet har vore arrangert med sommaridrettane ei årrekke, men arrangementet i 2022 var det første som gjekk med vinteridrettar.

NM-vekekonseptet går ut på at ulike idrettar samlast for å arrangere sine seniormeisterskap. NRK er samarbeidspartnar for konseptet og konkurransane får god TV-dekning både med direktesendingar frå konkurransane og brei TV-dekning elles.

Arrangementa vart avvikla fem stader: Åsane Arena, Haukelandshallen, Vestlandshallen, Myrkdalen og Vik Skisenter. Totalt var det 11 idrettar som hadde 23 meisterskap og det vart kåra 68 norske meistarar i ulike disiplinar.

Idrettane som hadde sine arrangement i NM-veka var: Badminton, bordtennis, flugekasting, hundekøyring, karate, klatring, randonee, rugby, styrkeløft, squash og telemark.

For rugby var NM-arrangementet historisk då det for første gong vart arrangert NM i snørugby. Arrangementet vart avvikla i Myrkdalen og med god tilrettelegging frå lokal arrangør vart det ein suksess med god deltaking.

Vestland idrettskrets si rolle som arrangør var all planlegging, tilrettelegging og koordinering for idrettane, media/TV-produksjon, publikum, arrangørar og samspel med anleggseigarar som var arena for dei ulike arrangementa.

Viktige støttespelarar for at Vestland idrettskrets kunne ta på seg arrangementet var: Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Voss herad og Vik idrettslag. I tillegg var særdeles positive anleggseigarar på dei ulike destinasjonane eit viktig bidrag til at den første NM-veka vinter vart ein suksess.



Foto: Narve Heggheim

NRK brukar mykje ressursar for å vise fram idrettane i NM-veka. For direktesendinga frå Myrkdalen var det rigga mykje utstyr og det vart produsert direktesending med 18 kamera og droner.

SAMMEN
om de store
prestasjonene




Rapport 2022 og 2023



Olympiatoppen
Vest


Olympiatoppen har det operative ansvar og myndighet til å utvikle norsk toppidrett, og et helhetlig ansvar for resultatene i norsk toppidrett. Olympiatoppen har gjennomføringsansvar for Norges deltakelse i de olympiske leker og Paralympics. Olympiatoppens målgruppe er dermed toppidrett, dvs. utøvere som presterer jevnt på internasjonalt toppnivå i sine idretter, og utøvere som driver treningsarbeid som på sikt normalt vil føre fram til internasjonalt toppidrettsnivå.

De regionale avdelingene har som oppdrag å utvikle og formidle relevant kompetanse i regionene og gjennom dette være sentrale bidragsytere i å kvalitetssikre prioriterte særidretters toppidrettsarbeid. Den viktigste målgruppen for OLTs regionale avdelinger er morgendagens toppidrettsutøvere og deres trenere, ledere og miljøer.



Olympiatoppens regionale avdelinger sine strategiske fokus- og innsatsområder

Olympiatoppen Vest (OLTV) er et regionalt kompetansesenter for toppidrett på Vestlandet. OLTV skal gjennom samlinger og utviklingsprogram, jobbe for å øke trenerkompetansen til trenerne for morgendagens- og dagens topputøvere. OLTV skal skape utviklingsmiljø for unge lovende utøvere gjennom samarbeid med videregående skoler og høyskole. Sammen med særkretsene i regionen, skal OLTV gjennom et faglig sterkt, levende og engasjert kompetansemiljø, bidra til at Vestlandet får enda flere toppidrettsutøvere. Bildet viser hvilke områder en region skal jobbe med.



Under følger en rapport over hovedområdene

- **Treningsoppfølging**

Utøvere som er på landslag og som bor i Vestland følges opp av OLTV innen testing, teknikk/motorikk, kraft/styrketrening og mølletrening flere dager og timer i uken. Utøverne kommer både fra lagidretter og individuelle idretter. Bildet under viser en oversikt over det vi har gjort på dette området.



OLYMPIATOPPEN

Tett på prioriterte miljøer

Idrett	Fagområde	Idrett	Fagområde
Friidrett	Helheten - fysio og motorikk	Roing	Motorikk
	Rehab-støtte v/behov		Styrke
	Styrke	Taekwondo	Motorikk
	Motorikk-oppfølging		Mentalt
	Rehab-støtte + motorikk-oppfølging	Breaking	Coaching
Triathlon	ernæring	Fotball kvinner	Motorikk
	psykologi		Motorikk og rehab
	testing	Turn	Motorikk
	idrettsmed/lege		styrke
	fou	Badminton	Motorikk
Svømming	Psykologi		styrke
	Motorikk		test
	Styrke	Padling	Idrettsmed/lege
	helse/fysio	Kickboxing	styrke og testing
	Idrettsmed/lege		Helse
Håndball	psykologi		Motorikk
	Motorikk	Sykkel	idrettsmed/lege
	Styrke	Langrenn	helheten - fysio og motorikk og styrke
	Kosthold		Testing
	Mentalt		idrettsmed/lege
Skøyter	Idrettsmed/lege	skiskyting	test og trening
	Motorikk og rehab	Stup	idrettsmed/lege
	test		psykolog
	trening	Paraishockey	motorikk
	Motorikk og rehab		styrke
			fagsamlinger
			Fysio
		Freeride	motorikk
		Parasnowboard	motorikk
		Bordtennis	motorikk



Olympiatoppen Vest

Fagområder OLTV - motorikk og kraft/styrke -



Oppfølging av stipend og landslagsutøvere med:
Flere ukentlige økter for teknikk/motorikk
Flere ukentlig økter for kraft/styrke
2-3 ukentlige mølle økter

Internemøter
Eksterne møter

Lagsoppfølging:
Tertnes Elite – Håndball
Bergen Håndball
TIF Viking - Volleyball



Olympiatoppen Vest

Fagområder OLTV - test/utholdenhet -



Tester etter OLTs testhefte

2022
68 laktatprofiler, 120 VO2 max
58 treningsøkter på stormølle
Hastighetstyringssystem stormølle
Gjennomført 64 stk Tester for ResQ

2023
120 laktat og Vo2 max
79 ResQ tester

- **Identifiserer, støtte og styrke prioriterte regionale utviklingsmiljøer**

Her følger vi opp miljøene i Vestland og har oversikt over prestasjoner og resultater. Vi bidrar inn mot Bergen Kommune og Vestland Fylkeskommune rundt utviklingsmidler og talent/toppidrettsstipend.

OLTV sine fagpersoner som er inne i ulike idretter og jobber med å øke kompetansen innen talentutvikling og toppidrett.

Vi jobber tett med høyskoler og universitet rundt toppidrettsstatus for utøvere som vil studere samtidig som de vil satse på toppidrett. Pr i dag har vi ca 120 utøvere med toppidrettsstatus i Vestland.

Vi har i løpet av 2022 og 2023 jobbet med nye lokaler for toppidretten og vi jobber tett med aktuelle organisasjoner for å skape fremtidens møteplass for toppidretten

- **Formidle Olympiatoppens utviklingsfilosofi, skape kompetanseheving og følge opp trenere/ledere og miljøer**

Hvert år arrangerer OLTV kompetansehevende tiltak. Frokost/lunsjmøter, fagdager, seminarer, klubbmøter og talentsamlinger. Vi skaper møteplasser i Vestland for å få et enda mere kompetent trener/leder/støtte apparat som kan dele erfaringer og kompetanser med hverandre for at enda flere utøvere kan nå norsk og internasjonal topp. I 2023 har vi fulgt opp trenerløftet kull 4 og startet opp, gjennomført og avsluttet treneren i utvikling.

- **Talentutvikling**


Bidra til å kvalitetssikre, utfordre og støtte prioriterte særidretters talentutviklingsarbeid

Formidle relevant kompetanse om talentutvikling

Samordne arbeid med talentutvikling

Morten Ivarsen er ansatt for å følge opp talentutvikling og er vår fagansvarlige innen utholdenhet, test og trening. Han følger opp miljøene fylket og har oversikt over prestasjoner og resultater. Her søker vi aktivt opp og utfordrer miljøer og miljøene søker han om råd/kompetanse. Morten er linken inn mot Vestland Fylkeskommune og Bergen Kommune og følger opp stipendtildelingene. Sammen med Morten er det flere av OLTV sine fagpersoner som er inne i ulike idretter og jobber med å øke kompetansen innen talentutvikling og toppidrett. Dette er noe vi vil fokusere enda mer på i fremtiden. Hovedoppgavene er som det står i boksen over

I tillegg så jobber vi tett med fylket rundt spisset toppidrett på videregående skoler i Vestland.



Gjennom 2022 har vi sammen med Vestland fylkeskommune utarbeidet Vestlandsmodellen som er modell for spisset toppidrett i vgs i Vestland fylket. Vi har også utarbeidet nettsiden www.spissettoppidrett.no og vi har jobbet tett med inntaksavd slik at søkeprosessen skal bli god. Vi bruker mye tid på spisset tilbud i vgs og flere av våre ansatte og engasjerte lønnes gjennom denne løsningen. At dette er viktig arbeid for talentutvikling i vest er det ingen tvil om. I 2023 har vi forsterket jobben som gjøres ute i hele fylket gjennom spisset toppidrett for offentlige vgs i Vestland i tillegg til tett oppfølging av toppidrettslinjen. Vi har også arrangert 2 felles møter for trenere på ulike vgs med toppidrett private og offentlige.

- **Kompetanseheving av trenere/ledere, oppfølging av miljøer**

Hvert år arrangerer OLTV kompetansehevende tiltak. Frokost/lunsjmøter, fagdager, seminarer, klubbmøter og talentsamlinger. Vi skaper møteplasser i Bergen for å få et enda mere kompetent trener/leder/støtte apparat som kan dele erfaringer og kompetanser med hverandre for at enda flere utøvere kan nå norsk og internasjonal topp. I 2022 avsluttet vi Trenerløftet kull 3 og ga tilbud til 7 av søkerne til nytt kull som starter opp i januar 2023. Vi startet også opp Treneren i utvikling som vi har vi ikke har gjennomført de siste årene med ett kull på 13 trenere.

2022

TRENERUTVIKLING  			
	Lagspillsseminar utsatt		
24/2	Kompetanseheving: Idrettsmedisin – trening etter Corona	40	Digitalt
6/4	Kompetanseheving: Idrettsnærings	40	Digitalt
21/3	Talentseminar	60	Fysisk
2/5 + 7/6	105 dager – oppstart med kvalitet	70+ 50	Fysisk
3/5 + 8/6	105 dager – oppstart med kvalitet	38+40	Digitalt
20/5	Vår møte trenere – motorikk	25	Fysisk
30/5	Foreldre som ressurs - 3 samlinger	30 x3	Fysisk
30/5	Forum for topputøvere – motivasjon	10	Fysisk og digitalt
17/2 + 1/6	Trenerløftet kull 3 – 4 fellessamlinger	6	Fysisk
14/6	Sommeravslutning og møter Toppidrettslinjen	25/50	Fysisk
11/8	Kick off trenere	20	Fysisk
6/9 og 7/11	Treneren i Utvikling – 2 samlinger	13	Fysisk
10/11	Kompetanseheving: Kraft og Styrke	40	Digitalt
25/11	Wissnesseminar og 20 årsjubileum – kompetanseheving: Test og utholdenhet – Kompetanseheving: idrettspsykologi	35	Fysisk

2023

23/1	Kompetanseheving: idrettsmedisin – oppfølging etter hjernerystelse og stressfraktur i rygg	50	15/8	Kick off trenere	25
25/1, 15/5, 18/9 og 30/11	Trenerløftet kull 4	7	20/9	Spiseproblematikk samarbeid med IKV	20
6/2 og 17/4	Treneren i utvikling	13	25/9 og 27/11	Foreldre som ressurs - Toppidrettslinjen	50
16/3	Workshop Sprint	60	28/9	Fagdag vgs skoler med toppidrett	20
21/3	Nærmere best – vgs med toppidrett	50	3/10	Prestasjonskonferansen Vest	100
11/4 og 19/12	Frokostmøte topptrenere - Ledelse	12	1/11	Lagspillseminar	30
9/5	Lagspillseminar – Morten Kalvenes	65	24-26/10	Sogn og Fjordane turnee	
9/5	Damelag samling	3		Wisnes seminar utsatt	
8/5, 9/5 og 5/6	Oppstart med kvalitet		4/12	Julemøte OLTV	
27/3, 19/5 og 3/10	Forum for topputøvere	10			
Hver mnd	Trenermøter vgs				
13/6	Sommeravslutning og møter Toppidrettslinjen	25/50			

• Oppfølging toppidrett for funksjonshemmede – Parautøvere



- Para skolen
 - 4 samlinger med para topp – ernæring, mentalt, OL samling og erfarne utøvere
- Para Topp
 - Teknikk/motorikk 1 gang i uken
 - Kraft/styrke avtales direkte med utøvere
 - Individuell oppfølging med samtaler, ukentlig trening og jevnlig testing
- Team Para Vest og Team Para Topp er begge avsluttet pga kuttet i VI midlene
- Paratrener akademiet
- IKV – «Paraidrett for bredde til topp»

Idrettsklynge Vest som har vært en avdeling under Vestland idrettskrets ble i 2021 omorganisert til et aksjeselskap. Vestland idrettskrets har i den sammenheng gått inn som en av flere aksjonærer.

NOTE 10 - LEIEAVTALE BRANN STADION AS

Vestland idrettskrets har en leieavtale med Brann Stadion AS om å leie kontorer i Frydenbø-tribunen på Brann Stadion frem til 31.08.2024. Vestland idrettskrets har fremleieavtale med 7 særkretser, 2 særforbund og Idrettsrådet i Bergen Olympiatoppen Vest og Idrettsklynge Vest AS. Dagens leieavtalen er ikke fornyet, og man flytter inn i nye leide lokaler sensommeren 2024.

NOTE 11 - BUNDET BANKINNSKUDD

Av likvide midler pr. 31.12.23 på kr 21.560.547 utgjør bundne skattetrekksmidler kr. 0.

NOTE 12 - ANDRE AVSETNINGER VIK	2023	2022
Motatte tilskudd overført til neste år.		
Tilskudd halleie Vestland fylkeskommune	646 437	646 437
Tilskudd ernæringskonsulenter Stiftelsen DAM/NIF	-	381 601
Tilskudd bærekraftig anleggsutvikling	1 190 909	1 200 000
Tilskudd Superlekene	442 052	86 910
Tilskudd Trygg på trening	48 892	48 892
Tilskudd Balanseprosjektet	52 057	71 237
Tilskudd UDI restmidler	46 503	-
Tilskudd MEGA temamøter Vestland fylke	20 987	20 987
Gave fra foreningen Nordsjølekene	54 717	54 717
Tilskudd ekstraordinære midler Vestland Fylke	-	2 365 000
Tilskudd AktiVane restmidler Bergen kommune	46 199	51 214
Tilskudd aktivitetsøkning Vestland fylke	113 365	113 365
Tilskudd e-sport og gaming i idrettslag Vestland fylke	-	100 000
Tilskudd inkludering Bergen kommune restmidler	50 000	-
Tilskudd Ukraina flyktningetiltak fra Bergen kommune	15 000	148 780
Restmidler hovedprosjekt inkludering	130 641	-
Tilskudd lavterskel 2020 fra Vestland fylke	155 000	240 000
Tilskudd lavterskel 2021 fra Vestland fylke	50 000	125 000
Tilskudd lavterskel 2022 fra Vestland fylke	202 244	265 000
Tilskudd lavterskel 2023 fra Vestland fylke	57 000	
Tilskudd BUFDIR restmidler flerårig prosjekt	497 032	190 014
	3 819 033	6 109 153

NOTE 13 - ANDRE AVSETNINGER OLTV/Toppidrettslinjen

Motatte tilskudd overført til neste år.

	2023	2022
Tilskudd fra Sogn og Fjordane idrettskrins	4 290	34 629
Toppidrettslinjen	733 309	1 142 646
Tilskudd aktivitetsøkning Vestland fylke	-	-
	737 599	1 177 275

Resultatregnskap

Avdelingsregnskap Vestland idrettskrets

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Offentlige tilskudd	2	-18257656	-19599788
Andre tilskudd	2	-770000	-1040405
Inntekter Idrettens Hus		-2311565	-2137328
Andre driftsinntekter	1	-1289523	-1672209
Sum driftsinntekter		<u>-22628744</u>	<u>-24449731</u>
 Tilskudd	3	6646912	7334993
Varekostnader		0	39958
Lønnskostnader m.m	4	9607989	9614569
Ordinære avskrivninger	4	94043	94043
Drift Idrettens Hus	6,13	3521797	3222694
Annen driftskostnad	7,8	2978104	3933481
Sum Driftskostnader		<u>22848844</u>	<u>24239737</u>
 Driftsresultat		<u>220100</u>	<u>-209994</u>
 Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter		-654976	-263464
Finanskostnader		1995	0
Resultat av finansposter		<u>-652981</u>	<u>-263464</u>
 Årsresultat		<u>-432881</u>	<u>-473458</u>
 Overføringer			
Bruk av tidligere års avsetninger			
Overført annen egenkapital		432881	473458
Sum overføringer		<u>432881</u>	<u>473458</u>

Resultatregnskap

Avdelingsregnskap Olympiatoppen Vest

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Offentlige tilskudd	2	-2060339	-2074000
Andre tilskudd	2	0	0
Tilskudd fra egne org.ledd		-1912500	-1953371
Andre driftsinntekter	1	-685105	-1134110
Sum driftsinntekter		<u>-4657944</u>	<u>-5161481</u>
 Tilskudd	3	0	0
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader m.m	4	3474913	3663122
Ordinære avskrivninger	4	0	0
Annen driftskostnad	5,7,8	1228145	1015124
Sum Driftskostnader		<u>4703058</u>	<u>4678246</u>
 Driftsresultat		<u>45114</u>	<u>-483236</u>
 Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter		-120000	0
Finanskostnader		0	0
Resultat av finansposter		<u>-120000</u>	<u>0</u>
 Årsresultat		<u>-74886</u>	<u>-483236</u>
 Overføringer			
Bruk av tidligere års avsetninger			
Overført annen egenkapital		74886	483236
Sum overføringer		<u>74886</u>	<u>483236</u>

Resultatregnskap

Avdelingsregnskap Toppidrettslinjene

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Offentlige tilskudd	2	-7268913	-6034846
Andre tilskudd			
Andre driftsinntekter	1	-316603	-12500
Sum driftsinntekter		<u>-7585516</u>	<u>-6047346</u>
Tilskudd	3	1233220	974671
Lønnskostnader m.m	4	4510887	4125907
Annen driftskostnad	5,7,8	1841409	946769
Sum Driftskostnader		<u>7585516</u>	<u>6047346</u>
Driftsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter		0	0
Finanskostnader		0	0
Resultat av finansposter		<u>0</u>	<u>0</u>
Årsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>
Overføringer			
Bruk av tidligere års avsetninger			
Overført annen egenkapital		0	0
Sum overføringer		<u>0</u>	<u>0</u>

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til tinget i **Vestland Idrettskrets**

Konklusjon

Vi har revidert Vestland Idrettskrets sitt årsregnskap som viser et overskudd på kr 507 768. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2023, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- Oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2023, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under "Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet". Vi er uavhengige av organisasjonen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret (ledelsen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon består av «Styrets økonomiske beretning». Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og organisasjonssjefens ansvar for regnskapet

Styret og organisasjonssjefen (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter

revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av organisasjonens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om organisasjonens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at organisasjonen ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, den 17. februar 2024
Advisor Revisjon AS

Elektronisk signert
Ann-Mari M. Juvik
Statsautorisert revisor

ÅRSBERETNING FRA KONTROLLUTVALGET I

VESTLAND IDRETTSKRETS FOR 2023

I henhold til NIFs lov § 2-12 avgir kontrollutvalget herved sin beretning til idrettskretstinget.

Det har vært avholdt ett møte i kontrollutvalget i 2024.

Kontrollutvalget skal føre tilsyn med idrettskretsens økonomi. Kontrollutvalget skal påse at idrettskretsens midler er anvendt i henhold til lover, vedtak, bevilgninger og økonomiske rammer, samt at de foretatte økonomiske disposisjoner er i samsvar med idrettskretsens lov og beslutninger fattet av idrettskretstinget. Kontrollutvalget skal videre forsikre seg om at idrettskretsens interne økonomiske kontroll er hensiktsmessig og forsvarlig.

Kontrollutvalget skal påse at idrettskretsens regnskapsførsel er pålitelig og at dets årsregnskap og delårsrapporter gir et korrekt uttrykk for idrettskretsens drift og finansielle stilling. Kontrollutvalget skal ved gjennomgang av regnskapene vurdere idrettskretsens finansielle stilling, forvaltning og drift.

Kontrollutvalget har fått adgang til samtlige regnskaper og de forskjellige styre- og utvalgsprotokoller samt andre dokumenter komiteen har funnet det nødvendig å gjennomgå. Utvalget har fått alle opplysninger fra idrettskretsens administrasjon, styre og revisor som utvalget har bedt om.

Kontrollutvalget har ingen merknader til årsregnskapet som viser et overskudd på kr 507.768, som i sin helhet har økt den frie egenkapitalen.

Kontrollutvalget har gjennomgått styrets årsrapport for 2023 og det styrebehandlete årsregnskapet for 2023. Styrets beretning og årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven.

Kontrollutvalget avgir med dette beretning til idrettskretstinget om sin gjennomgåelse av årsregnskapet/årsregnskapene og idrettskretsen anliggender for øvrig, herunder budsjetter og budsjettoppfølging, forvaltning generelt og styrets arbeid/beretning. Det materialet kontrollutvalget har fått seg forelagt gir ikke foranledning til særlige bemerkninger utover det som fremgår av denne beretning.

Kontrollutvalget anbefaler at styrets beretning og idrettskretsens årsregnskap for 2023 godkjennes av idrettskretstinget.

Dato: 26.02.2024



Marit Pedersen



Terje Gjertsen

10. BEHANDLE LANGTIDSPLAN OG LANGTIDSBUDSJETT FOR IDRETTSKRETSEN


Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget godkjenner fremlagte langtidsplan 2024-2028 og langtidsbudsjett for Vestland idrettskrets for 2024 og 2025.



Foto: Janne Landås

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



Vestland idrettskrets vil!

Langtidsplan 2024-2028

INNHALD

Vestland idrettskrets vil

Livslang idrettsglede og fleire store prestasjonar

1. Attraktivt og variert idrettstilbod
2. Gode og veldrivne idrettslag
3. Like moglegheiter
4. Idrettsanlegg for framtida
5. Betre toppidrett

Vestland idrettskrets vil!

Vestland fylke består av 43 kommunar og Vestland idrettskrets er paraplyorganisasjonen for idretten i Vestland. Alle idrettslag skal vere tilslutta eit idrettsråd, som skal arbeide for best moglege vilkår for idretten i kommunane. Vi har 34 kommunar med idrettsråd. I dei andre kommunane fungerer det største idrettslaget som idrettsråd.

Tal frå den siste samordna rapporteringa viser at Vestland idrettskrets består av 928 idrettslag og 212 332 medlemskap. I tillegg kjem bedriftsidretten med 93 idrettslag og 13 628 medlemskap. Samla sett er det dermed 1 021 idrettslag og 225 960 medlemskap i idretten i Vestland.

Av fylkets 928 idrettslag er 239 fleiridrettslag og 689 særvidrettslag. Det vil sei at det store fleirtalet av idrettslaga i fylket driv berre med ein idrett.

Samansetjinga av medlemmar i idrettslaga i Vestland er slik:

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	Over 25 år	Totalt
Kvinner	3 999	28 464	17 205	9 231	30 262	89 161
Menn	3 974	31 074	20 619	13 232	54 272	123 171
Totalt	7 973	59 538	37 824	22 463	84 534	212 332

Det er 55 særforbund i Norge. 53 av desse har aktivitet i Vestland. Dei største særvidrettane i Vestland er fotball, handball, friidrett, gymnastikk og turn, golf, symjing og ski.

Vår langtidsplan byggjer på følgande grunnlagsdokument i tillegg til vår eiga lov:


[Idretten vil! Langtidsplan norsk idrett 2023-2027](#)

[En idrett – like muligheter. Parastrategi for norsk idrett 2022-2027](#)

[Norges idrettsforbunds berekraftsstrategi](#)

[Vestland fylkeskommunes regionale plan for kultur 2023-2035](#)

Det vil vere ein naturleg samanheng mellom denne planen og grunnlagsdokumenta. Planen gir dei overordna måla og føringane for verksemda og peiker på fem strategiske innsatsområde med mål, der dei tilhøyrande delmåla synleggjer Vestland idrettskrets sitt arbeid for å oppnå måla.



Innsatsområda i denne planen forpliktar Vestland idrettskrets sitt styre og administrasjon. Han gir samtidig tilrådingar for dei andre organisasjonsledda i Vestland. Idrettskretsen arbeider for å skape best moglege rammer for aktiviteten som skjer i idrettslaga. Sentralt i dette arbeidet er god tilgang til idrettsanlegg, gode økonomiske vilkår og tilgang til relevant kompetanse.

Idrettens visjon er "Idrettsglede for alle." Dette dokumentet synleggjer kva idrettskretsen vil legge vekt på for å oppnå denne visjonen i Vestland. Vi kan først og fremst oppnå visjonen gjennom idrettslaga. Idrettskretsen si fremste målsetjing er derfor å støtte opp under idrettslaga si verksemd.

Frivillig innsats er den viktigaste ressursen i norsk idrett. Frivillig arbeid gir mening, trivsel og skapar gode sosiale nettverk for den enkelte. Frivilligheita skapar positive ringverknader både for den enkelte, idretten og samfunnet.

Innanfor idretten i Vestland blir det årleg lagt ned 4 000 frivillige årsverk med ein anslått verdi på om lag 2 milliardar kroner. Gode rammevilkår for idrettslaga vil vere viktige bidrag for å styrke den frivillige innsatsen i idrettslaga.

Vestland idrettskrets vil arbeide for å styrke rammevilkåra for idrettslaga slik at dei frivillige kan bruke mest mogleg tid på aktiviteten. Det er eit mål å gjere kvardagen for tillitsvalde enklare. Omfanget av frivilligheita må også synleggjerast overfor politikanane.

Idrettskretsen sin næraste samarbeidspart i offentlig sektor er fylkeskommunen. Nasjonalt støttar vi opp om Norges idrettsforbund sitt arbeid overfor sentrale styresmakter. I den enkelte kommune har idrettsråda som ei prioritert oppgåve å arbeide for best mogleg vilkår for idretten.

Foto: Tove Lise Mossestad



Vi skal jobbe for idrettsglede for framtidige generasjonar gjennom vårt arbeid med berekraft. Idrettskretsen vil stimulere til livslang idrettsglede og sunn idrett, arbeide for at idretten speglar mangfaldet i lokalsamfunnet og praktiserer nulltoleranse for diskriminering og trakassering. Vi vil vidare jobbe for at idretten reduserer negativ miljøpåverknad i samband med arrangement, konkurransar, treningar og andre aktivitetar. Vi skal vere en aktiv pådrivar for grøne idrettsbygg og anlegg. Vi skal samarbeide med idretten som heilheit og andre eksterne partar for å nå måla.

Gjennom vårt arbeid støttar vi opp under og bidreg til følgjande av FNs berekraftsmål:



Idrettskretsen vil legge vekt på å skape møteplassar der idrettskrets, idrettsråd og særkretsar utvekslar synspunkt og erfaringar og diskuterer felles utfordringar.

Det er eit mål at Vestland som fylke og Vestlandet som landsdel skal tiltrekkje seg fleire store idrettsarrangement. Viktige element i arbeidet for å nå denne målsetjinga er anleggsutvikling, arrangementskompetanse og samarbeid med andre aktørar både innanfor og utanfor idretten. Idrettskretsen har sidan 2021 hatt ein samarbeidsavtale med fylkeskommunen knytta til berekraftig anleggsutvikling.

Idrettskretsen vil halde fram med og vidareutvikle samarbeidet med utdanningsinstitusjonar som Høgskulen på Vestlandet. Vi samarbeider til dømes om praksis, undervising og kurs for studentar, samt innspel og dialog om studentoppgåver og forskning.

Vestland idrettskrets er ein av eigarane av Idrettsklynge Vest. Målsetjinga er å styrke samhandlinga kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling. I tillegg til idrettskretsen er Olympiatoppen Vest, SK Brann, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Helse Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen med i dette samarbeidet. Idrettskretsen ønskjer å vidareutvikle samarbeidet innanfor denne organiseringa.

Idrettskretsen vil vektlegge å vidareutvikle Idrettens Hus i Bergen og i Førde. NFF Sogn og Fjordane sin administrasjon er plassert i Sogndal. Ei god samhandling på desse lokasjonane og på tvers av lokasjonane sikrar god utnytting av ressursar og god fagleg utvikling.

Idrettskretsen ønskjer å styrke Idrettens Hus i Bergen og Førde som samla ressurs- og kompetansesenter. Det vil i perioden bli arbeidd med ei framtidig langsiktig løysing for utvikling av eit nytt Idrettens Hus i Bergen. Ei styrking av tilbodet innan paraiddrett, i den samanheng vurdere mogelegheita for utvikling av eit paraiddrettssenter, samt eit utvida tilbod til idrettslaga innanfor økonomisk rådgjeving og rekneskap, er blant tiltaka som det vil bli arbeidd vidare med i perioden.



Livslang idrettsglede og fleire store prestasjonar

Eit variert og mangfoldig idrettstilbod handlar om å ha eit aktivitetstilbod som gjer at den enkelte kan delta på det nivå ein sjølv ønskjer, og til å finne gleda også ved å engasjere seg utover eigen aktivitet. For toppidretten er det eit naturleg mål å sikte mot dei store prestasjonane.

For å lykkast med å nå desse to overordnede målane, er dei påfølgande innsatsområdar lagt til grunn.

1. Attraktivt og variert idrettstilbod

- 1.1. **Alle kan få delta på trening og i konkurransar i gode og trygge sosiale rammer i ein idrett som inkluderer og er tilrettelagt, uavhengig av ambisjonar og ferdigheitsnivå.**
 - Fremje idretten sine verdier i all vår verksemd
 - Fremje idretten sine barnerettar og bestemmingar og retningslinjer for ungdomsidrett
 - Tilby kompetansehevande tiltak for rollene barneidrettsansvarleg og politiattestansvarleg i idrettslag
- 1.2. **Det skal utarbeidast ein langtidsplan for trenaren i norsk idrett der trenarattesten er rettesnora for ei felles grunnforståing, og der trenaren blir sentral for å sikre kvalitet i innhaldet på treningane.**
 - Fremje kursa Barneidrettstrenaren og Tilrettelegging paraiddrett og andre fellesidrettslege kompetansehevande tiltak for trenarar
 - Fremje idrettens grunnverdier gjennom verktøy som blant anna Trenarattest for barn, ungdom og vaksne
- 1.3. **Idretten skal fremje ansvarleg ressursbruk og ivareta berekraft i våre aktivitetar slik at alle kan delta, og slik at påverknaden på natur og klima reduserast i tråd med nasjonale klima- og miljømål.**
 - Arbeide for å fremje berekraftige løysingar
 - Arbeide for å styrke dei økonomiske rammevilkåra for idrettslag i Vestland
 - Arbeide for tilskots- eller sertifiseringsordningar som er tilpassa idrettsorganisasjonen
 - Fremje tilskotsordningar som kan redusere økonomiske barrierar for deltaking
 - Bidra til å bevisstgjere idrettsorganisasjonen i høve kostnadsnivå og reiser
- 1.4. **Talet på ungdom og unge vaksne mellom 13 og 25 år som deltar regelmessig i organisert idrett skal auke med 50 000 på landsbasis.**
 - Gjennomføre kompetansetiltak og møteplassar for ungdom og unge vaksne
 - Rekruttere nye medlemmar til idrettskretsen sitt ungdomsutval, bidra til å synleggjere utvalet og sørge for moglegheit for medråderett for ungdomsutvalet
 - Arbeide for samarbeid med særiddrettane kring fellesidrettslege tema i ungdomsidretten
 - Synleggjere verdien av at ungdom deltek i idrett uavhengig av nivå og ambisjonar
- 1.5. **Idretten vil at det skal setjast av midlar i helsebudsjettet til å styrke tilbod som gjeld folkehelsefremjande idretts- og mosjonsaktivitet.**
 - Arbeide for at det skal setjast av midlar frå helsebudsjettet
 - Synleggjere gode døme på helsefremjande idretts- og mosjonsaktivitetar

2. Gode og veldrivne idrettslag

2.1. Vi skal arbeide for ei forenkling av idrettslaga sin kvardag.

- Tilby økonomisk rådgjeving og rekneskapstenester
- Arbeide for å forenkle søknads- og rapporteringsprosedyrar

2.2. Alle idrettslag skal være kompetente, veldrivne og vere styrt av frivillige.

- Utvikle idrettslag og idrettsråd gjennom kurs- og kompetansetilbod
- Rettleie i og synleggjere NIFs lov, bestemningar og etiske levereglar
- Arbeide for god rolleavklaring mellom tillitsvalde og tilsette i idrettslag

2.3. Idrettslaga har økonomi, rammevilkår og frivilligheit slik at dei kan tilby medlemmar og lokalmiljø god idrettsaktivitet.

- Arbeide for fleire tilskotsordningar og betre økonomi i idrettslag
- Arbeide for styrka rammevilkår som betre og rimelegare tilgang til idrettsanlegg
- Arbeide for auka frivilligheit gjennom å gjere kvardagen enklare for idrettslag



Foto: Christian Haukeli, NIF

3. Like moglegheiter

3.1. Idretten skal spegle mangfaldet i lokalsamfunnet og praktisere nulltoleranse for diskriminering og trakassering på alle nivå.

- Arbeide for gode mangfalds- og inkluderingstiltak
- Formidle retningslinjer og etiske levereglar
- Arbeide for auka kompetanse og tilrettelegging innan paraidrett
- Rettleie idrettslag om sakshandsaming av varsel og uønskt åtferd
- Gå framfor som eit godt døme ved å legge til rette for alle målgrupper

3.2. Alle skal kunne delta i idrett uavhengig av familien sin økonomi.

- Arbeide for å halde kostnadsnivået på eit ansvarleg nivå
- Arbeide for berekraftige løysingar lokalt
- Arbeide for tilskotsordningar som er langsiktige og føreseielege

3.3. Idrettens administrative og valde leiing skal spegle mangfaldet i samfunnet.

- Tilby kompetansetiltak for valkomitéar
- Bidra til å auke kunnskap om mangfald i alle organisasjonsledd
- Arbeide for og synleggjere ung medraderett



4. Idrettsanlegg for framtida

4.1. Det skal etablerast anlegg slik at all ønska aktivitet kan gjennomførast.

- Hjelpe og motivere idrettsråda til å kartlegge idretten sine anleggsbehov i kommunen, med gode data frå tilgjengelege verktøy
- Bidra til godt samspel mellom idrettslag, idrettsråd og kommune i samband med kommunale planar for idrett og friluftsliv
- Ha god dialog med fylkeskommunen knytt til kartlegging og synleggjering av anleggsbehov i kommunane
- Ved bygging og drift av anlegg må det leggjast til rette for parkering og nødvendig infrastruktur for brukarar av anlegga

4.2. Norske myndigheiter skal legge til rette for og bidra til større investeringar i anlegg enn det som følgjer av dagens spelemiddelordning.

- Arbeide for at stat og fylkeskommune skal bidra med tilleggsfinansiering av strategisk viktige/kostnadskrevjande/interkommunale anlegg
- Arbeide for at idrettsanlegg får tilleggsfinansiering frå statlege finansieringskjelder utover spelemiddelordninga ved bygging og rehabilitering

4.3. Alle medlemmar skal ha gratis tilgang til alle offentlege idrettsanlegg som har motteke spelemidlar.

- Arbeide for at det blir sett krav til kommunar og fylkeskommunen om gratis bruk av anlegg som har motteke spelemidlar

4.4. Utbetaling av spelemidlar skal skje når anleggsbygging er igangsett, og idretten skal ha rett til momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg.

- Arbeide for å få på plass ei statleg forskotteringsordning av spelemidlar når det er etterslep på ordninga, slik at idretten kan bruke dei økonomiske ressursane sine på aktivitet
- Arbeide for at idretten skal ha juridisk rett til momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg

4.5. Norsk idrett skal vere ein pådrivar for miljømessig berekraftige idrettsarenaer og redusere miljøpåverknaden frå bygging og drift av idrettsanlegg i tråd med nasjonale klima- og miljømål til grøn omstilling av idrettsanlegga. Idretten skal få forsterka statleg finansiell støtte utanfor spelemiddelordninga til dette.

- Arbeide for å få etablert ei statleg finansierings- og støtteordning i tillegg til spelemiddelordninga for finansiering av enøk-tiltak på idrettsanlegg og idrettsbygg
- Synleggjere behov for høg anleggstettleik med bakgrunn i spreidd busetnad og lange avstandar i Vestland fylke
- Arbeide med eksterne aktørar for å få tilført midlar til grøn omstilling av idrettsanlegg og idrettsbygg ved nybygg og rehabilitering
- Vere opne for berekraftige, nyskapande og innovative løysingar
- Bidra med formidling av kompetanse frå forskings- og utviklingsmiljø

- 4.6. Utbygging av idrettsanlegg skal bli ein formell del av krava som vert stilt av myndigheiter til utbyggerar når nye bustadområde skal utviklast.
- Engasjere idrettsråda i kommunale planprosessar for å sikre nok areal til idrettsanlegg i eit langsiktig perspektiv
 - Arbeide aktivt saman med fylkeskommunen for å bidra til godt planarbeid i kommunane der idretten sine behov blir ivaretekne
- 4.7. Det skal etablerast paraidrettssenter i alle regionar. Ved bygging av nye anlegg og rehabilitering av gamle anlegg skal idretten arbeide for at paraidretten sine behov blir tatt omsyn til, utover dagens krav til universell utforming.
- Arbeide for å etablere paraidrettssenter i Vestland
 - Prioritere informasjonsarbeid og kompetansedeling for å fremje tilrettelegging for paraidrett på idrettsbygg og anlegg



Foto: Erik Ruud, NIF

5. Betre toppidrett

Olympiatoppen Vest er det regionale organet for toppidrett i Vestland. Idrettskretsen vil arbeide for å sikre gode rammevilkår for utvikling av toppidretten i fylket saman med særiddrettane og Olympiatoppen Vest.

Arbeidet for å styrke rammevilkåra er særleg knytta opp til å styrke dei økonomiske tilskota til Olympiatoppen Vest samt å sikre at også toppidrettens behov blir ivaretekt i anleggsutviklinga. Vestland fylkeskommune har ein tilskotsordning som skal medverke til at regionen får fleire store idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap.

Idrettskretsen vil også fremje toppidrettens behov i innspel til høyringar og gjennom dialog med offentlege myndigheiter.



Fellesskap
Mestring
Ærlighet

.....

Idrettsglede
for alle!

VESTLAND IDRETTSKRETS

tlf 55 59 58 00 e-post vestland@idrettsforbundet.no www.idrettsforbundet.no/vestland

Langtidsbudsjett 2024-2025

Avdeling Vestland idrettskrets

Driftsinntekter og driftskostnader

Regnskap 2023 Budsjett 2024 Budsjett 2025

Offentlige tilskudd	19 056 036	15 741 000	16 191 000
Inntekter Idrettens Hus	2 110 896	2 400 000	3 000 000
Andre driftsinntekter	1 376 610	1 370 500	1 400 000
Sum driftsinntekter	22 543 542	19 511 500	20 591 000

Avskrivninger	94 043	94 000	94 000
Tilskudd	6 249 295	2 545 000	2 615 000
Varekostnader	-	50 000	50 000
Lønnskostnader m.m	9 607 989	11 205 000	11 765 000
Drift Idrettens Hus	3 484 737	3 864 000	4 000 000
Annen driftskostnad	3 327 578	3 229 000	3 200 000
Sum Driftskostnader	22 763 642	20 987 000	21 724 000

Driftsresultat	-220 100	-1 475 500	-1 133 000
-----------------------	-----------------	-------------------	-------------------

Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	654 976	850 000	800 000
Finanskostnader	1 995	-	
Resultat av finansposter	652 981	850 000	800 000

Årsresultat	432 881	-625 500	-333 000
--------------------	----------------	-----------------	-----------------

11. BEHANDLE FORSLAG OG SAKER

Forslag 11.1

Forslag frå: Hordaland Friidrettskrets

Forslag til vedtak:

VIK fremskaffer en spesifisert liste over alt VIK eier/disponerer/leier, som man innen frivilligheten må ha åpenhet om.

Post – note 5 i regnskapet for VIK, dater 02.04.2022. bør i sin helhet inkorporeres i posten «særkretstilskudd» og fordeles etter vedtatte retningslinjer direkte til særkretsen.

Leietakerne i SFIK betaler sine leiekostnader til VIK, slik særkretsene må gjøre i HIK og på idrettens hus.

Dette må gjennomføres umiddelbart

Grunngjeving:

Regnskapet til VIK datert 02.04.2022 viser i note 5 at VIK kjøpte/overtok eierseksjon 4647 – 21/531/0/19 i Førde til en anskaffelsesverdi pr 31.12.2020 kr 2 322 786.

Leietakerne her betaler kr 0,- i leie av fine kontorer.

Dette var ikke trukket frem i due dilligence dokumentet for fusjonen mellom HIK og SFIK, og det har ikke vært behandlet som en Ting-sak.

Dette er et brudd på intensjonene og føringene som var retningsgivende på konstitueringen i Myrkdalen. Der fremholdt, bla Fylkesordføreren, at VIK skulle «starte med blanke ark, utjevne ulikheter og harmonisere forskjeller».

Styret i VIK har her gitt en spesifikk og isolert fordel til de i den nordre regionen. Dette er en meget stor og klar særfordel og undergraver vanlige spilleregler i en fusjonsprosess.

Styret gjør med dette en klar forskjellsbehandling og gir med dette særkretsene med kontorer i SFIK en komparativ fordel, av stor økonomisk verdi.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikkje forslaget.

Ei spesifisert oversikt over alt idrettskretsen eig, disponerer og leiger kjem fram av årsrekneskapen, som idrettskretsstyret legg fram for behandling på alle idrettskretsting.

Rekneskapen for 2021 vart einstemmig godkjent av idrettskretstinget i 2022, og kan ikkje endrast.

Verdien av eigarseksjonen i Førde har vore ein del av Vestland idrettskrets sin eigenkapital sidan samanslåinga av Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins i 2020. Storleiken på eigenkapitalen og samansetjinga av denne har vore behandla av idrettskretstinget tidlegare.

Leigetakarane ved Idrettens Hus i Førde betalar i dag ikkje husleige til idrettskretsen. At det er ulik praksis ved dei to Idrettens Hus i Bergen og Førde, har samanheng med at det er ulike eigarforhold ved dei to lokasjonane. Dette byggjer på vedtak i dei respektive idrettskretsting frå tida Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets var separate organisasjonsledd. Vestland idrettskrets eig seksjonen som inneheld Idrettens Hus i Førde, og leiger lokale til Idrettens Hus i Bergen.

Den økonomiske støtta til leigetakarane ved dei to lokasjonane har klare fellestrekk. Dei årlege driftskostnadane ved Idrettens Hus i Førde kjem på cirka 250 000 kr. Dette beløpet er i all hovudsak relatert til straum, reinhald og felles infrastruktur som kopimaskiner, post etc. Leigetakarane ved Idrettens Hus i Bergen betalar sin del av husleige som idrettskretsen betalar til Brann Stadion AS, no Union. Vestland idrettskrets dekker utgifter til straum, reinhald og felles infrastruktur som kopimaskiner, post etc. for leigetakarane ved Idrettens Hus også i Bergen.

Forslag 11.2

Forslag frå: Hordaland Friidrettskrets

Forslag til vedtak:

Det oppnevnes en hurtigarbeidende kommisjon, som, så raskt som praktisk mulig, foretar en grundig analyse og gjennomgang av hele fusjonsprosessen mellom SFIK og HIK.

Kommisjonens mandat bør favne vidt. Den bør etter-gå hele prosessen fra løfter/lovnader gitt i Myrkdalen og de påfølgende praktiske og konkrete gjennomføringer i perioden. Man må vektlegge «måloppnåelse» ut fra «strategier og mål/delmål, som styret utarbeidet og vedtok».

Kommisjonen bør legge vekt på å vurdere om man i denne prosessen har maktet å skape «et tillitsforhold mellom alle aktørene og skapt den VI-følelsen alle fusjoner har som mål».

Kommisjonen bør foreslå forbedringspunkter, som kan iverksettes på kort sikt.

Grunngjeving:

Målene bak vurderingene og gjennomføringen av fusjoner er: 1. Styrke seg/ekspandere eller 2. effektivisere/rasjonalisere mao få mer ut av hver krone. De aller fleste fusjoner er strategisk begrunnet, men på lik linje med «oppkjøp» er man på jakt etter optimale synergieffekter. (ref SAS og Braaten Safe, Bankfusjonene eller rutebilselskapene i Hordaland)

Det ble gitt løfter i Myrkdalen, som ikke er realiserte. Det ble snakket om å «harmonisere» mange ganger, men aksjoner ser ut til å ha uteblitt.

I flere oppgaver produsert av Solstrandseminarene, som er arrangert av NHH, har man utarbeidet verdifull kunnskap om «fallgruvene i fusjoner, hvordan unngå de 10 vanligste tabbene» og likeledes satt fokus på hvilke fusjonsprosesser som lykkes og hvorfor.

En vellykket fusjon kjennetegnes ved at alle i organisasjonen føler og opplever seg både hørt, sett og inkludert. Videre at ledelsen av vellykkede fusjoner har latt alle involverte være delaktige og har selv vært lyttende. Informasjonsflyten begge veier har vært grundig.

Ledelsen i disse prosessene følger to grunnleggende prinsipper: man planlegger to nivåer ned og man synliggjør handling etter de tre grunnleggende PPP modellene. (plan, prosess og prosjekter)

Det er derfor viktig og riktig å foreta en evaluering etter målsettingene ved fusjonen: Har man klart å skape VI-følelse hos de 224.050 medlemmene? Og hva med de 53 særkretsene? Har man maktet å gjennomføre team-building tiltak, der aktørene etablerer følelse av samhold og samhörighet? I tillegg forståelse og enighet om utviklingsplanene?

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikkje forslaget.

Styret ynskjer heller å styrke allereie etablerte møteplassar slik at ein kan sikre gode arenaer for dialog, erfaringsutveksling og evaluering av verksemda.

Samanslåinga av Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets vart vedteke av eit einstemmig idrettskretsting i november 2019. Styret er av den oppfatning av sidan Vestland idrettskrets vart etablert 1.1.2020, er verksemda godt dokumentert i årsrapportar som har vore behandla av idrettskretsting. Det har vore gjennomført særkrets-/regionmøte, idrettsrådssamlingar med meir. Desse møtepunkta har fungert som relevante arenaer for tilbakemelding og dialog. Styret har også vektlagt å delta på årsmøte og særkrets-/regionting for å ha god kontakt med organisasjonsledda.

Forslag 11.3

Forslag frå: Hordaland Friidrettskrets

Forslag til vedtak:

VIK oppretter et komplett «habilitets-arkiv» for alle tillitsvalgte, de som har verv andre steder, de ansatte i kretsen og midlertidige/engasjerte tjenesteytende personer. Dette vil i en så stor organisasjon, være en naturlig del i et arbeidsreglement.

Habilitets-arkivet er fortrolig og skal ikke være offentlig (internt arbeidsdokument), men viktig å ha i saker med motsettende interesser, der habilitet må være avklart.

To personer, en fra styret og en fra administrasjonen, påser at arkivet er oppdatert og følges, ved at man logger alle forespørsler

Grunngjeving:

I en tid der det i Norge stadig avdekkes økonomisk utroskap, urent spill, hvitvasking av argumenter og tildeling av tilpassede fordeler innen politikken, i byråkratiet og – beklageligvis, også i idretten, da bør Vestland Idrettskrets gjennomføre grundige tiltak, for å unngå å komme i en uheldig, tilsvarende posisjon.

Idrettens tillitsvalgte har ulike erfaringer fra arbeids- og frivillighetslivet. Mange har blitt honorert utenfor sitt primære yrke, det kan også skje innen ulike frivillige organisasjoner. Vi har opplevd at noen ledere kopierer sine «vaner og handlingsmønstre» og tar dem med inn i idretten.

På lik linje med det som nå har blitt gjort på Stortinget, bør VIK «være føre var» og gjennomføre en habilitetsvurdering og etablere et internt register.

Idretten forvalter store offentlige pengebeløp.

Idrettens ledere har et stort ansvar for forsvarlig pengeforvaltning. Det er sannsynlig at det vil skade tilliten til idretten, om vi ikke gjennomfører gode kontrollrutiner av habilitet, tilhørighet og andre verv/oppgaver innen grensesnittene.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikkje forslaget.

Verksemda i Vestland idrettskrets er omfatta av NIFs lov § 2-8 Inhabilitet. Dette er ein del av eit sett med felles føresegner for heile organisasjonen. NIF har utarbeidd ein omfattande rettleiar til denne paragrafen - [veileder-nifs-lov-2-8.pdf](https://www.idrettsforbundet.no/veileder-nifs-lov-2-8.pdf) ([idrettsforbundet.no](https://www.idrettsforbundet.no)). Rammeverket for å sikre ein god praksis i habilitetsspørsmål er etter styret si meining med dette på plass. Dersom forslagsstillar meiner regelverket må endrast, bør det arbeidast for at eit forslag om dette fremjast for Idrettstinget, som har myndigheit til å vedta endringar i NIFs lov.

12. ENGASJERE STATS AUTORISERT/REGISTRERT REVISOR TIL Å REVIDERE KRETSEN SIN REKNESKAP

Forslag frå: Kretsstyret

Forslag til vedtak:

Advisor Revisjon AS ved statsautorisert revisor Ann-Mari M. Juvik vert tilsett som revisor for Vestland idrettskrets for 2024 og 2025. Kretstinget gir kretsstyret fullmakt til å fastsetje revisor sitt honorar.

13. BEHANDLE RETNINGSLINJER FOR FORDELING AV DEI MIDLAR SOM ER TIL DISPOSISJON FOR KRETSEN

Forslag 13.1

Forslag frå: Norges Golfforbund

Forslag til vedtak:

Det settast av kr. 1 600 000-x til fordeling til særiddrettar med kretsledd, regionalt ledd eller tilsette i Vestland. Det settast av ytterlegare kr. 100 000 til fordeling til særiddrettar utan regional organisering. Minimumsbeløpet til særiddrettar utan regional organisering settast til kr. 5 000 til særiddretter i Vestland.

Tilskotet er sett saman slik:

30% av tilskotet fordelast etter talet på særiddrettsgrupper med vekting.

70% av tilskotet fordelast etter talet på aktive 6-19 år med vekting.

Det økonomiske grunnlaget for tilskotet til særiddrettane er det årlege driftstilskotet til idrettskretsen frå Vestland fylkeskommune. Utviklinga av tilskotet frå fylkeskommunen vil vere avgjerande for utviklinga av tilskotet til særiddrettane.

Grunngjeving:

Norges Golfforbund har over mange år jobbet aktivt for å få en likebehandling av idrettene, uavhengig av idrettens organisering.

Fram til nå har NGF først og fremst jobbet inn mot idrettskretstingene både i forhold til representasjonsrett og rammebetingelser.

I dag har idretter uten regionalt org. ledd representasjonsrett på alle idrettskretsting, men gjennom ulike ordninger.

Vi opplever imidlertid at det er utfordrende å få en endring som innebærer en likebehandling av idretter i forhold til rammebetingelser knyttet til fordeling av fylkeskommunale midler.

Av i alt 55 særforbund er det 26 som er uten regions-/kretsledd og 29 som har dette.

(Av de som har regions/kretsledd er det flere av disse med mer eller mindre hvilende kretsledd og ufulstendige strukturer, f.eks. har kretsledd noen få plasser.)

Vi mener at tilskuddsordningene fra idrettskretsene må være organisasjonsmessig nøytrale, forutsatt at fylkeskommunen selv ikke har lagt andre føringer på midlene.

I dag er det ulike krav og betingelser på tilskudd som gjør at særforbund med regioner/særkretser kommer bedre ut av det enn de som ikke har dette.

Vi mener at er aktiviteten som må være det viktigste, og ikke hvordan idretten er organisert.

Ifølge NIFs lov Kapittel 5: Idrettskretser, § 5-2. Oppgaver pkt. 2: Idrettskretsen skal arbeide for å utvikle gode rammevilkår for et mangfoldig idrettstilbud uavhengig av særiddrettens organisering.

NGF mener at en særbehandling av idretter med særkrets/region ikke synes å være i tråd med NIFs lov § 5-2 nr. 2, og heller ikke med NIFs organisasjonsverdier hvor det fremgår i NIFs lov § 1-2 nr. tre hvor det fremgår at idrettens organisering skal baseres bl a på demokrati og likeverd.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikke forslaget.

Dagens innretning på særiddrettsstilskotet vart einstemmig vedtatt av idrettskretstinget i 2020. Fleire særiddrettar deltok i ei gruppe som leverte si innstilling til kretsstyret i forkant av idrettskretstinget i 2020. Styret la innstillinga frå denne gruppa til grunn for sitt forslag frå idrettskretstinget.

Dagens ordning inneber at særiddrettar med ei regional organisering vert støtta med ei sterkare vekting enn særiddrettar utan regionalt ledd. Støtte til særiddrettar utan regionalt ledd var ikkje ein del av støtta verken i tidlegare Sogn og Fjordane idrettskrins eller Hordaland idrettskrets. I 2020 vart også særiddrettar utan regional organisering omfatta av ordninga, men med ei svakare vekting enn særiddrettar med regional organisering. Styret foreslår å vidareføre prinsippa i dagens ordning. Styret vil gjere merksam på at fleire andre støtteordningar som idrettskretsen forvaltar, ikkje skil på kva organisering den enkelte særiddrett har.

Forslag 13.2

Forslag frå: Kretsstyret

Forslag til vedtak:

Støtta vert utbetalt til særiddretten, som sjølv må avtale fordeling i dei tilfella der det er to organisasjonsledd innanfor grensa av Vestland idrettskrets.

Dersom dei to organisasjonsledda ikkje vert einige innan 3 månadar etter tildeling, gir idrettskretstinget fullmakt til idrettskretsstyret om å avgjere fordelinga.

Grunngjeving:

I styret si grunngjeving for dagens støtteordning til særiddrettane, som vart vedtatt i 2020, står det blant anna:

«Styret foreslår at støtta utbetalast til særiddretten, som sjølv må avtale fordeling i dei tilfella der det er to organisasjonsledd innanfor grensa av Vestland idrettskrets».

Styret foreslår å vidareføre denne praksisen, som i all hovudsak har fungert etter intensjonen. Styret ber om at idrettskretstinget gir idrettskretsstyret fullmakt om å avgjere fordelinga slik at midlar vert fordelt i dei tilfella der to særkretsar ikkje vert einige innan rimeleg tid.

14. VAL

- a) Styreleiar og nestleiar
- b) 4 styremedlemmar og 2 varamedlemmar. Minst eitt styremedlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det året valet vert halde.
- c) Kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar.
- d) Representantar til Idrettstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantar.
- e) Valkomité med leiar og 2 medlemmar og eitt varamedlem for neste idrettskrets ting. Minst eitt medlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det år valet vert halde.

Styreleiar



Nils R Sandal
Fødd: 1950
Idrettslag: Breimsbygda IL

Attval

Nestleiar



Tone Stavland
Fødd: 1970
Idrettslag: Bremnes IL

Attval


Styremedlem



Anne-Grethe Naustdal
Fødd: 1966
Idrettslag: Tambarskjelvar IL

Attval

Styremedlem



Magnus Hesjedal Hartwig
Fødd: 2001
Idrettslag: Fana IL

Ny

Styremedlem



Jeanette Heggen
Fødd: 1998
Idrettslag: Selbjørn IL

Attval

Styremedlem



Jan-Erik Weinbach
Fødd: 1971
Idrettslag: Sogndal IL

Attval


1. varamedlem



Natalia A. Golis
Fødd: 1980
Idrettslag: Minde IL

Ny

2. varamedlem



Lasse Lerum
Fødd: 1983
Idrettslag: Vevring TKD

Ny

Leiar og nestleiar veljast enkeltvis. Dei andre medlemmane til styret veljast samla. Deretter veljast varamedlemmane samla. Der det veljast fleire nestleiarar/varamedlemar skal det veljast 1. nestleiar/varamedlem, 2. nestleiar/varamedlem osv.

I tillegg til dei tingvalde styremedlemmane består styret av ein tilsettrepresentant som veljast blant idrettskretsen sine tilsette. Representanten har personleg varamedlem.

Leiar til kontrollutval veljast først. Deretter veljast medlemen. Deretter veljast varamedlemmane samla.

Leiar til valkomité veljast først. Dei to medlemmane til valkomitéen veljast samla og deretter veljast varamedlemen.

c) **Val av kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar.**

Valkomitéeen sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.

d) **Val av representantar til Idrettstinget.**

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget gir idrettskretsstyret fullmakt til å nemne opp representantar.

e) **Val av valkomité med leiar, to medlemmar og eitt varamedlem for neste idrettskretsting.**

Kretsstyret sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.